



Når hornet er lagt på hylla

Fråfall av tenåringar frå musikkorps

SIGBJØRN HJELMBREKKE OG OLA K. BERGE

TF-rapport nr. 275

2010

TF-rapport

Tittel:	Når hornet er lagt på hylla
Undertittel:	Fråfall av tenåringar frå musikkorps
TF-rapport nr:	275
Forfattar(ar):	Sigbjørn Hjelmbrække og Ola K. Berge
År:	1.9.2010
Gradering:	Open
Antall sider:	88 (+ 29 sider vedlegg)
Framsidedfoto:	Walthorn, frå www.korpsinstrumenter.no
ISBN:	978-82-7401-385-8
ISSN:	1501-9918
Pris:	310,-
	Kan lastast ned gratis frå www.telemarksforsking.no

Prosjekt:	Fråfall frå musikkorps
Prosjektnr.:	20090750
Prosjektleder:	Ola K. Berge
Oppdragsgiver(e):	Norges Musikkorps Forbund Viken

Resymé:	<p>Telemarksforsking har på oppdrag frå Norsk Musikkorps Forbund sett på ungdomsfråfall frå korps. Rapporten brukar ulike metodar og ulike datakjelder for å kaste lys over problematikken.</p> <p>Talmaterialet frå medlemsregisteret er av uviss kvalitet, og resultat som byggjer på dette er difor usikre. Me har gjennomført ei spørjeundersøking og intervju med einskildpersonar. Ut frå dei tre innfallsvinklane meiner me at me får krysspeila ein del grunnar til fråfall.</p>
----------------	--

Telemarksforsking, Boks 4, 3833 Bø i Telemark. Org. nr. 948 639 238 MVA
--

Forord

Prosjektet Fråfall av tenåringar frå musikkorps kom som eit resultat av ein førespurnad frå **Norges Musikkorps Forbund (NMF) Viken** ved Per Einar Fon om eit forskingsbasert bidrag til problematikken rundt tenåringsfråfall frå fritidsaktivitetar generelt og musikkorps spesielt.

Me vil gjerne takke Per Einar Fon for eit godt samarbeid gjennom heile prosjektperioden. Me vil dessutan takke Erlend Veland Thorsen i NMF for god hjelp med grunnlagsdata frå forbundet sitt medlemsregister.

Me vil likeins takke alle respondentar og informantar, som velvillig har stilt seg til disposisjon for vår e-postundersøking og intervjuarbeid.

Bø, 9.11.2010

Ola K. Berge

Prosjektleder

Innhald

Samandrag	9
1. Innleiing	11
1.1 Bakgrunn.....	11
1.2 Problemstillingar	12
1.3 Rapportstruktur	14
2. Ungdomsfråfall på idrettsfeltet, teori og empiri	17
2.1 Kva er tenåringsfråfall?	17
2.2 Årsaker til fråfall, empirisk og analytisk rammeverk	18
2.3 Hovudmoment frå idrettsfeltet	23
3. Forsking på musikkorps	27
3.1 Organisering og rekruttering	27
3.2 Kulturanalytiske perspektiv	29
3.3 Kartlegging av norske musikkorps omdømme og profil.....	31
4. Metodiske betraktningar	33
4.1 Det kvantitative datamaterialet	33
4.2 Spørjeundersøkinga via e-post (Questback).....	35
4.3 Det kvalitative materialet	36
5. Kvantitative data og analysar	37
5.1 Utvikling over tid	37
5.2 Regionale variasjonar	39
5.3 Ein nærare kikk på barne- og ungdomsgruppa	41
5.3.1 Eit statisk blikk	41
5.3.2 Eit dynamisk blikk - fråfall.....	45
5.4 Kor lenge er medlemmene medlemmer?.....	53

6. Spørjeundersøkinga	55
6.1 Resultat frå undersøkinga.....	55
6.1.1 Oversyn.....	55
6.1.2 Kven sluttar?	58
6.1.3 Kvifor sluttar musikantane?	60
6.1.4 Regionale skilnader	63
6.2 Delkonklusjonar.....	66
7. Kvalitative data og analysar.....	69
7.1 Kritiske fasar	70
7.2 Korps som musikalsk og sosial arena	71
7.2.1 Rom for individualitet?	71
7.2.2 Korps som kollektiv	74
7.3 Korps som sosial arena.....	76
7.4 Tidsklemma, forholdet mellom korps og skulearbeid	78
7.5 Skulekorpsa sin status	78
8. konklusjonar og tilrådingar	81
8.1 Ni konkrete innspel.....	84
8.2 Vidare kunnskapsbehov	85
Referansar.....	87
Vedlegg	1
Vedleggsblokk 1 – vedlegg til kapittel 5	1
Vedleggstabell 1.1 – årlege fråfallsprosentar per fylke, alder og år	2
Vedleggstabell 1.2 – årlege fråfallsprosentar etter fylke og alder, snitt over åra 1995-2010.....	9
Vedleggstabell 1.3 – årlege fråfallsprosentar etter fylke og år for aldersgruppa 13-17 år	10
Vedleggstabell 1.4 – korrelasjonsmatrise mellom fråfall i fylka	11

Vedleggsfigur 1.1 – Medlemstal etter alder og år, heile landet	12
Vedleggsfigur 1.2.....	13
Vedleggsblokk 2 – vedlegg til spørjeundersøkinga	14
Heile spørjeundersøkinga	15
Vedleggstabell 4-6	25
Vedleggstabell 4-11	25
Vedleggstabell 4-17	26
Vedleggstabell 4-20	27
Vedleggstabell 15-6	27
Vedleggstabell 15-7	28
Vedleggstabell 15-9	28
Vedleggstabell 2-17/20	29

Samandrag

Forskning frå idrettsfeltet, både i Noreg og internasjonalt, syner at måten organiserte fritidsaktivitetar for ungdom er tilrettelagt på, får utslag for i kva grad fråfall er eit problem. Det er grunn til å tru at reflektert, strategisk tilrettelegging har ein positiv effekt på både sosial og aktivitetmessig utvikling. Den same forskinga legg dessutan vekt på fråfall som ein prosess med ei rad ulike fasar og årsaksfaktorar.

Forskinga frå idrettsfeltet tyder på at det å arbeide innanfrå, med faktorar ein rår med, er ein god strategi. Kontinuerleg fokus på å leggje forholda til rette for egne medlemmer og rekruttar gjennom dialog og samhandling er viktigare enn å freiste å motverke generelle eksterne faktorar.

Me har fått tilgang til tal frå medlemsregisteret til NMF. Det herskar stor tvil kring kor riktige desse tala er, som drøfta i avsnitt 4.1. Tala viser, slik dei står, ei utvikling som ikkje er rettlinja. På slutten av nittitalet fall medlemstalet stort sett i alle aldersgruppene me fokuserer på. Situasjonen i 2010 er ikkje veldig ulik den i 2000, men me ser ein merkeleg opp- og nedtur med topp rundt 2003-2004. Gjennomsnittsalderen har frå 2004 stige kraftig. Det er god rekruttering og mange godt vaksne, men problem med å halda på ungdom.

Gjennom ei spørjeundersøking blant tidlegare og noverande medlemmer av korpsrørsla, testa me ut sentrale problemstillingar knytt til fråfallsproblematikken i musikkorpsa. Undersøkinga gav ein del interessante resultat. Både engasjerte foreldre, sysken og vener i korps er viktige for at born sjølv skal byrja i korps. Når ungdom vurderer å slutta, ser det ut til at press frå vener om å forsetja er meir effektivt enn press frå korpsleing og foreldre.

Som kollektiv kan eit korps aldri tilby den fleksibiliteten som soloinstrument eller andre individuelle aktivitetar kan. Ein er nøydd til å finna sin plass. Det einaste potensielt uløselege problemet er at ikkje alle kan spela det dei vil. Ei anna utfordring ved kollektive aktivitetar, og dette gjeld i særleg grad musikkorps, er at musikantane er på ulikt nivå, og har vanskar med å finna seg til rette saman. Det er sær mange som ikkje synst dei får store nok utfordringar. I undersøkinga vår er det få som synst dei ikkje var flinke nok, men det er ikkje rart. Dei som ikkje er flinke nok sluttar nok i hovudsak *før* dei kjem inn i aldersgruppa undersøkinga

dekkjer. Dette tyder på at korpsa i større grad bør syta for individuell tilrettelegging

Den kvalitative delen av undersøkinga bygger på intervju med ti informantar, både tidlegare og noverande medlemmer av musikkorps. Informantane stadfestar til ein viss grad det som kjem fram i spørjeundersøkinga. Det er svært viktig kva vener i og utanfor korpset gjer, både i form av å halde på eit aktivt venskap og medlemskap i korpset, i form av musikalsk samkvem og utvikling og til slutt i form av sosial aksept.

Mange fortel om tidsklemma mellom skulearbeid og korps. Dersom ein ikkje klarer å organisere øving og speling slik at det er mogleg å leggje vekt på skulearbeid, vil mange slutte. Rådet frå informantane er eit medvite og aktivt samarbeid og kommunikasjon mellom ulike aktørar, slik at dei som vil prioritere fleire aktivitetar kan få mulegheiter til det.

Det som likevel er det dei aller fleste nemner i samtale om fråfallsproblematikken i musikkorps, er forholdet mellom individuelle og kollektive innsatsfaktorar. Mange har eit svært ambivalent forhold til korpset som arena for musikalsk og sosialt samspel. Konkret kjem dette til uttrykk gjennom opplevinga av individuell musikalsk utvikling og rolla som lagspelar i skulekorpset. Rekrutteringssituasjonen der nye aspirantar kjem inn kvart år, bidreg til at det musikalske nivået i mange korps aldri kjem opp på eit nivå som matchar seniorane sitt stadig aukande nivå. Dette blir oppfatta som negativt av dei fleste, og som ein direkte årsak til fråfall frå fleire. Rådet frå våre informantar er klart, sats på kvalitet i repertoar og framføring, distrikts/regionkorps, eigne ungdoms/talentkorps, nasjonale (og internasjonale) samlingar samt eit auka fokus på individuelle behov innan korpsa. Ein måte å gjere dette på er ein meir utstrakt bruk av solistar og eigne presentasjonar av talent.

Til slutt fortel nokre av informantane om at korps ikkje alltid blir oppfatta som like kult som annan ungdomskultur. Dette kan oppfattast som eit problem. Slike førestillingar er likevel raskt skiftande i vårt seinmoderne samfunn. Det er såleis mykje viktigare å arbeide i eigne rekker med trivsel, samhald og sjølvkjensle enn å bruke krefter på å endre eksterne oppfatningar av verksemda.

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Bakgrunn for dette prosjektet er ein førespurnad frå Norges Musikkorps Forbund, region Viken om forskingsbasert kunnskap om fråfall av ungdom innanfor frivillig sektor/organisasjonsliv. Særleg rører eit slik forskingsbehov ved den norske korpsbevegelsen, noko som gjer denne til eit naturleg utgangspunkt for ein studie av området.

Konkret ønskjer Norges Musikkorps Forbund (NMF) ein gjennomgang av medlemslister med blick for medlemsutviklinga blant ungdom i alderen 13-19 år, samt ei kvalitativ undersøking av årsakssamanhengar og suksessfaktorar knytt til rekruttering og vedlikehald av medlemskap/musikalsk deltaking i denne aldersgruppa.

Medlemsstatistikken for 2008 viser at NMF har registrert 66 355 medlemmer fordelt på 1696 musikkorps. I følgje Per Einar Fon i NMF Viken, er mindre enn 1000 av medlemmene 19-åringar. Dessutan fell 50 % av rekruttane frå i løpet av dei to fyrste åra. Korpsrørsla har dermed, trass i god og jamn rekruttering, stor avskaling. Dette er eit bilete som er kjend også frå andre delar av frivillig sektor, m.a. frå idrett (Railo 1981, Ingebrigtsen 1988, MMIs barne- og ungdomsundersøkelse 2000).

I NMFs handlingsplan for 2008-2010 (www.musikkorps.no) står det under overskrifta "NMF i 2015 – stolt, sterk og synlig" at:

- I 2015 skal vi ha oppnådd:
 - 80.000 medlemmer
 - 30 % flere tenåringsmedlemmer
 - 20 % av NMFs tillitsvalgte under 26 år

Det er, som ein ser, eit sterkt fokus på ungdomsmedlemskap i organisasjonen. Inntrykket blir forsterka ved at å "*satse på ungdommen*" er ei av fire hovudprioriteringar for 2008 til 2010 (same stad).

Det er i spennet mellom konkret kunnskap om fråfall og ei sjølvkjensle bygd på tru på eigen musikalsk og sosial attraktivitet, korpsrørsla kan ha nytte av forskingsba-

sert kunnskap om kva som er suksessfaktorar og/eller snubletrådar i rekruttering og vedlikehald av si ungdomsmedlemsmasse. Det er i eit slikt lys ein må sjå dette bidraget frå Telemarksforsking.

1.2 Problemstillingar

Dette prosjektet har hatt ei hovudmålsetjing om å undersøkje ulike sider ved fråfallsproblematikken knytt til ungdom og fritidsaktivitetar, både generelt og spesielt. På eit generelt nivå botnar denne målsetjinga i ei antaking om at det finst nokre generelle utfordringar knytt til ungdomsfråfall som gjeng på tvers av ulike fritidsaktivitetar uavhengig av typiske eller særreigne karakteristika for aktiviteten (i.e. musikkorps, fotball, speiding osv.). På same måte tenkjer ein då at det kan finnast ein del felles tiltak for å kome det ein oppfattar som eit problem i møte. Tanken her er at dersom ein kan lukkast med tiltak innan barne- og ungdomsidretten, så vil ein kunne gjere noko av det same (med liknande suksess) innan t.d. eit musikkorps. I kapittel 2 og 3 drøftar me noko meir kva som ligg implisitt i dette, med tanke på kva som eigentleg er problematisk med fråfall. Utan å føregripe det, er det viktig å understreke at fråfall, i alle fall på eit prinsipielt nivå, ikkje i seg sjølv utgjer eit problem. Mobilitet mellom ulike fritidsaktivitetar er som anna sosial mobilitet i utgangspunktet eit demokratisk gode. Alle passar ikkje til den aktiviteten dei til ei kvar tid er med på, og det er difor naturleg (og bra) at mange sluttar, for så å byrje med noko anna. I samfunnsmessig forstand er det mykje viktigare at borgarane trivst med det dei gjer, enn at lag og foreiningar isolert sett har mange medlemmer. I forhold til idrettsfeltet, diskuterer Seippel (2005) i kva grad fysisk fostring knytt til barne- og ungdomsidrett utgjer ein positivt samfunnsmedisinsk gevinst, som forsvargar eit auka fokus på å motverke fråfall (jf. debatten om overvekt blant barn og unge). På same måte kan ein sjå deltaking i t.d. musikkorps som eit tilskot til barn og unge sin generelle trivsel og med det knytte an til eit samfunnsmessig perspektiv. Fråfall vil slik kunne sjåast som eit problem dersom det fører til at den det gjeld blir mindre sosialt aktiv. Ei slik kopling til eit overordna nivå vil likevel ikkje kome det særskilte laget eller organisasjonen til gode, då argumentet gjeld for alle fritidsaktivitetar, og dermed er for universell til å kunne tene eitt lag eller ein organisasjon si sak. Det er difor meir interessant å diskutere i kva grad ungdomsfråfall er negativt for den einskilde organisasjonen og korleis ein i neste omgang kan demme

opp for den delen av slikt fråfall som er eller opplevast som negativt. I dette ligg ei forståing av at fråfall ikkje einseitig er eller gir assosiasjon til noko negativt. Det vil truleg vere slik at t.d. i samband med eit musikkorps si lagånd eller ”moral”, vil det kunne vere positivt å sende ”vidare” rekruttar med dårleg motivasjon eller som på anna vis tydeleg er på feil arena. På eit spesifikt nivå, vil dette då dreie seg om kva type barne- og ungdomsfråfall som kan vere negativt for musikkorpsrørsla (både på eit generelt, nasjonalt og på eit lokalt nivå) og i neste omgang kva musikkorpsrørsla nasjonalt, regionalt og lokalt kan gjere for å motverke dette negative fråfall, ikkje fråfall generelt.

Med utgangspunkt i dette har prosjektet arbeidd ut i frå to hovudproblemstillingar:

1) Kva kjenneteiknar eit generelt fråfall frå ulike fritidsaktivitetar for barn og ungdoms, korleis kjem eit slikt fråfall til uttrykk og kva slags ulike strategiar finst for å motverke ulike typar fråfall?

Det er verdt å understreke at dette prosjektet utelukkande har hatt som mål å gje svar basert på eksisterande, forskingsbasert teori og empiri. Me har mao. ikkje sjølv henta inn generelle data knytt til andre fritidsaktivitetar for barn og ungdom enn norske musikkorps. Me har dessutan i fyrste rekke undersøkt ulike perspektiv frå forskning på idrettsfeltet. Grunnen til dette er både den relevansen me meiner idrettsforskinga har for ”vårt” prosjekt, den relativt store og lett tilgjengelege mengda forskning som finst på dette feltet og til slutt dei resursmessige avgrensingane som ligg implisitt i prosjektet. Det er dessutan slik at denne problemstillinga har ein overordna og perspektiverande funksjon. Den er meint som ledd i å kaste lys over den meir spesielle og konkrete andre problemstillinga. Det er likevel ikkje slik at resultat, samanhengar og forslag til tiltak i dette prosjektet ikkje kan ha tyding for det meir generelle feltet av fritidsaktivitetar for barn og unge. Det er altså ein samverknad mellom eksisterande og ny teori- og empiriproduksjon som er viktig, og vårt bidrag til både forskings- og praksisfeltet.

2) Kva kjenneteiknar ungdomsfråfallet frå norske musikkorps, korleis kjem eit slikt fråfall til uttrykk og kva slags tiltak kan ein setje inn for å motverke uheldig fråfall?

Prosjektet ynskjer å drøfte denne problemstillinga med både eit nasjonalt, regionalt og eit lokalt utgangspunkt. Me freistar å fange overordna, nasjonale utviklings- trekk gjennom å sjå på og drøfte talmateriale for heile landet i tidsrommet 1996 og fram til i dag. Slik vil me kunne sei noko om kva som kjenneteiknar fråfall med

tanke på ”store” samanhengar: *Korleis har rekrutteringa vore i denne perioden? Korleis artar fråfallet seg? Skjer det i spesielle aldrar? Finst det regionale forskjellar? Finst det avvik i fråfallet, og kan ein eventuelt knytte slike til spesielle hendingar?* Resultata av denne delen er basert på kvantitative, statistiske data og gi god treffsikkerheit i forhold til å skildre lange og generelle utviklingstrekk og liner.

Samstundes har prosjektet heile tida hatt ei målsetjing om å famne lokale, konkrete problemstillingar: *Kan ein finne interessante forskjellar mellom ulike regionar eller kommunar? Kva slags historier kan medlemmer i musikkorps frå ulike delar av landet fortelje?* Me tek utgangspunkt i data knytt til to fylke og to kommunar, nemleg Buskerud og Østfold og Oslo og Bergen. Utvalet er pragmatisk og avspeglar dels kven som eig (bestilte) prosjektet og dels ressursmessige avgrensingar. Me vil såleis ikkje kunne gjere sikre slutningar på generelt nivå med tanke på kvalitative data. Det er likevel slik at det me har funne, tolka og presentert, truleg vil vere interessant også for kommunar og regionar utover dei fire det her er snakk om. Ein må kunne vente at fleire av problemområda er like eller syner skyldskap på tvers av geografiske kommune- og fylkesgrenser, og i alle fall i nokon grad kan inspirere til lokal forståing og tilpassingar av tiltak.

1.3 Rapportstruktur

Tidlegare forskning (Railo 1981, Seippel 2005) stør vårt syn at det er parallelle problemstillingar knytt til fråfall i ulike delar av det frivillige organisasjonslivet. Ikkje minst gjeld dette dei organisasjonane som har sterk satsing på rekruttering og vedlikehald av ungdomsmedlemmer. Slik sett kan ein sjå mange parallelle problemstillingar mellom musikkorps og idrettsaktivitetar. For å kunne sjå desse aktivitetane i samanheng, og ikkje minst for å kunne trekkje vekslar på den relativt store teori- og empiriproduksjonen som har vore innan idrettsforskinga (på fråfall), er det naturleg å innlemme ei oppsummering av denne forskinga i denne rapporten. Dette er dessutan noko oppdragsgjevar har ynskt.

Me vel å legge ein slik presentasjon i fyrste delen av rapporten. Grunnen til dette er todelt, a) me ynskjer å ta med eit velutvikla omgrepsapparat knytt til tenåringsfråfall frå idrettsforskinga inn i dette prosjektet, slik at det kan nyttast i vårt bidrag til utviklinga av eit teoretisk rammeverk for musikkorpsforsking. b) Me ynskjer likeins å nytte den empiriske og teoretiske kunnskapsmengda idrettsfeltet represen-

terer i våre konkrete empiriske analyser. Ikkje minst er dette siste punktet interessant i eit komparativt perspektiv: kva er forskjellane og likskapen, utfordringane og botemidla i det vere seg idretten og musikkorps. Me trur det kan ligge ein gjensidig nytteverdi i dette, forutan å gi eit generelt empirisk bidrag til status på feltet.

I kapittel 3 gir me ein kort oversikt over kva som finst av eksisterande korpsforskning og -litteratur i Noreg.

I kap. 4, presenterer me prosjektdesign og metodeval.

I kap. 5 presenterer me oversikt og tolking av kvantitative data frå NMF sine medlemsregister.

I kap. 6 presenterer me funn og tolkingar av den nettbaserte spørjeundersøkinga me gjorde blant tenåringar med bakgrunn frå musikkorps.

I kap. 7 presenterer me den kvalitative delen av undersøkinga. Den vil i sin tur leie til kap. 8, der me diskuterer ulike tiltak eigna til å demme opp for uønska fråfall.

2. Ungdomsfråfall på idrettsfeltet, teori og empiri

2.1 Kva er tenåringsfråfall?

I likskap med den norske korpsrørsla, har norske idrettslag svært mange medlemmer og eit høgt aktivitetsnivå. Samstundes er det eit kjent problem at veldig mange av dei som er medlemmer, sluttar etter ei tid. I ein rapport frå 2005, diskuterer idrettssosiologen Ørnulf Seippel kva fråfallsproblematikken ber med seg, både teoretisk og empirisk. Eit sentralt poeng og utgangspunkt for Seippel si forskning på dette, er at fråfallet i hovudsak er eller blir eit problem: ”hvis det innebærer at vedkommende blir mindre fysisk aktiv, mindre sosial aktiv, har det mindre trivelig og lærer mindre enn de ellers ville gjort” (s. 63). Fråfallsproblemet blir med andre ord ikkje knytt opp mot utøvinga av ein særskild aktivitet, men mot dei kroppslege, kunnskapsmessige og sosiale effektane utøvinga av aktiviteten har. Om ein legg Seippel sitt utgangspunkt til grunn også for fråfallsproblematikk i musikkorpsrørsla, vil hovudproblemet med fråfall fyrst og fremst vere tap av kunnskapsmessig og sosial kompetanse; ferdigheit på instrumentet og (positiv) sosialiseringseffekt som følgje av aktiviteten. Den viktigaste konsekvensen av dette, er at fråfallsproblematikken forankrast i individet, ikkje i organisasjonen. Dette tyder sjølvsagt ikkje at ikkje fråfall frå organisasjonen, uansett om det er eit idrettslag eller eit musikkorps, utgjør eit problem for organisasjonen. Det gjer det både økonomisk (offentleg støtte, medlemsavgift, lokal sponsing osv.) og legitimitetsmessig. Det er dessutan slik at storleiken på organisasjonen har mykje å seie for kva kraft ein kan leggje i viktige aktivitetar som rekruttering og medlemspleie.

Seippel diskuterer innleiingsvis i sin rapport fråfallsomgrepet. Han peikar her på at fråfall tradisjonelt tyder død eller å gje opp si tru, og dermed understrekar eit alvor (Ibid.). Fråfall frå sosiale aktivitetar (idrett eller musikkorps, eller for den saks skuld speiding, 4H eller Røde Kors) indikerer eit liknande alvor, då ein lett kan tru

at omgrepet skildrar ein overgang frå konkret aktivitet til passivitet eller lediggang. Ungdomsfråfall er derimot ikkje så alvorleg, ifølgje Seippel, nettopp av di aktivitet ikkje blir erstatta med passivitet, men med annan (konkurrerende) aktivitet (Ibid.). Dei som fell frå ein type aktivitet, finn gjerne ein annan som de passar betre til eller trivast betre med, noko som for den einskilde er bra. Seippel gjev idrettslaga rett i at den organiserte idretten bidrar som ein viktig arena for sosial kompetanse/kapital, men argumenterer likevel for at dette er målsetningar som mange organisasjonar har, og at fråfall frå ein idrettsaktivitet derfor ikkje vil tyde noko negativt i samfunnsøkonomisk eller samfunnsmedisinsk forstand. For idrettslaget sjølv, derimot, er det uheldig (Ibid.). Dette resonnementet kan ein føre vidare også til ein sosial aktivitet som musikkorps. På den eine sida vil ikkje fråfall nødvendigvis vere negativt på eit individnivå. Korpset er på si side avhengig av rekruttering og stabilitet i medlemsmassen, ein stabilitet som blir meir og meir viktig ettersom medlemmene spesialiserer seg på instrument og repertoar. Seippel nyttar eit idrettslag som døme, men han kunne like godt omtalt eit musikkorps når han peikar på kva organisasjonen har behov for av medlemsmasse:

- Å fylle alle instrumentplassane (i lagidrett vil dette vere posisjonar)
- Rekrutteringspool av frivillige til dugnadsarbeid
- Mange medlemmer, som gjev større offentlege overføringar (og truleg også meir private midlar i form av sponsorinntekter osv.)
- Mange rekruttar som sikrar overskot av talent

Alt dette gjer at det er gunstig å ha stor medlemsmasse. I ei tid med hard konkurranse om ungdom er det difor viktig med gode empirisk analyser, slik at ein veit kva som skjer, kvifor og korleis dette kan og bør handterast. Ikkje minst heng dette saman med det ansvaret samfunnet har for dei som organiserer barne- og ungdomsaktivitet, slik at dei får stabile og føreseielege rammer for drifta.

2.2 Årsaker til fråfall, empirisk og analytisk rammeverk

Det er ingen tvil om at årsakssamanhengen knytt til ungdomsfråfall frå fritidsaktivitetar er svært samansett, tett vevd rundt komplekse kulturelle og sosiale prosessar. Det kan difor vere nyttig å freiste å finne ein struktur på fråfallet, eit slags mønster i kaoset. På eit generelt og overordna nivå er det vanleg å dele årsaker til fråfall i to kategoriar:

- Eksterne årsaker
- Interne årsaker

Dei *eksterne årsakene* er knytt til forhold som ikkje har noko å gjere med organisasjonen, om det no måtte vere eit fotballag eller musikkorps. Eit døme på ein slik årsak er flytting slik at vidare deltaking blir umogleg. Eit anna døme på eksterne årsaker er tap av interesse uavhengig av trivsel, altså at ein tenåring uavhengig av kor godt laget driv, tapar inspirasjon og motivasjon og sluttar.

Interne årsaker er på si side knytt til forhold innan organisasjonen. Døme på dette er dårleg leiing eller opplevinga av at aktiviteten over tid er keisam. Det kan også vere knytt til organisasjonen eller aktiviteten sin karakter, t.d. at den krev lang bilkøyring (sterkt foreldreengasjement) eller er dyr.

Seippel (2005) deler vidare desse to årsakskategoriane i to, (sjølv)valde og tvungne. Ein av fordelane med denne inndelinga er, forutan å bidra med ein struktur, å auke medvitet om kva slags årsakssamanhengar ein har å gjere med; kva ein som organisasjon kan arbeide aktivt for å motverke.

Eksterne årsaker som er tvungne er vanskelege å gjere noko med; her er flytting eit godt døme. Eksterne, sjølvvalde årsaker er fråfall som ikkje har å gjere med forhold knytt til aktiviteten eller organisasjonen og som er sjølvvald. Eit korpsmedlem som ganske enkelt missar interessa er eit slikt døme. Frå empiriske studiar innan idretten veit ein at dette svært ofte heng saman med at gode vener sluttar, og at aktiviteten som lenge fungerte som påskott for sosial omgang missar sin verdi (altså uavhengig av korleis den blir organisert eller gjennomført).

Interne årsaker til fråfall er av enda større interesse for ein organisasjon, då dette har med organisasjonen sjølv å gjere. Her vil ein om ynskjeleg ha moglegheit til å gjere endringar eller tiltak for å fjerne årsaka til fråfallet. Om ynskjeleg, av di det ikkje alltid er rett å endre interne rutinar, praksisar eller arbeidsmetodar innan ein organisasjon på grunnlag av t.d. sporadisk fråfall av einskildmedlemmer. Kanskje ville slike endringar hindre eit slikt fråfall, men virke til at andre (kanskje fleir) fall frå. Slik er det viktig for ein organisasjon å ha eit strategisk og medvite forhold til tiltak for å hindre å misse medlemmer. Det optimale er å identifisere tiltak som verkar generelt. Tvungne, interne årsakene er dei der den som sluttar ikkje har lyst, men der interne faktorar krev det. Døme på dette er ein aktivitet som er for dyr for ein medlem, eller krevjande logistikk (t.d. tidkrevjande køyring til øving, som gjer

andre aktivitetar/skularbeid osv. vanskeleg). Det kan òg vere av meir alvorleg art, t.d. mobbing eller uakseptabel oppførsel av vaksne i organisasjonen. Sjølvvalde, interne årsaker er dei i kategorien: eg ynskjer å slutte, og det har med aktiviteten eller tilhøve i organisasjonen å gjere. Denne kategorien har skyldskap til ekstern, sjølvvald utmelding, men skuldast i større grad at aktiviteten ikkje lenger vert opplevd som meningsfull, på tross av eit grunnleggjande ynskje om å halde fram. I musikkorps kan dette til dømes vere at repertoaret vert opplevd som for lite utfordrande eller keisamt, uniformstvang osv.

I eit forsøk på å utvikle eit generelt teoretisk perspektiv på fråfall, diskuterer den amerikanske idrettspsykologen Daniel Gould (1987) tre ulike måtar å forstå fråfallet på. I eit individorientert perspektiv vil måten barnet eller ungdomen tilnærmar seg aktiviteten vere viktig. Ulike forhold knytt til målorientering, oppleving av og meistring av suksess og/eller feiling vil utgjere viktige faktorar for om aktiviteten gjev mening på individnivå (Ibid.). I eit nærskyld perspektiv peikar Gould vidare på samanhengen mellom fråfall og korleis barn opplever seg som kompetente til aktiviteten dei driv. Ein kan forstå dette perspektivet som utfyllande til meistringskjensle og evne til å vere målorienterte, men meir i retning av direkte oppleving av å kunne noko, uavhengig av einskildresultat. Det er truleg Gould sine studiar av idrett som gjer ein slik distinksjon relevant, der det å prestere i augneblinken kan sjåast som ein parallell kompetanse til ein meir generell kunnskaps/erfaringsbasert kompetanse. I eit tredje perspektiv argumenterer Gould for skilnaden mellom fråfall i form av *dropout* og *burnout*. Desse to omgrepa er svært like Seippel (2005) sine kategoriar *tvunge* og *sjølvvald* fråfall, i det dei skil mellom individet sitt ynskje om å slutte (dropout) og fråfall knytt til meir påtvungne prosessar (burnout). Ein kan kort oppsummere slik:

- **Dropout** – barnet eller ungdomen sluttar for å gå over til noko han eller ho opplever meir interessant, noko som passar betre eller kostar mindre (økonomiske eller andre resursar)
- **Burnout** – barnet eller ungdomen sluttar som resultat av manglande trivsel, frustrasjon over interne eller eksterne forhold, mismatch på ambisjonsnivå eller resultat/måloppnåing (Gould 1987).

Gould (Ibid.) legg vekt på at fråfall har ulike fasar og måtar å arte seg på. Det er til dømes forskjell på å slutte heilt, bytte setting (til annan liknande eller heilt forskjellig aktivitet) og å slutte delvis/trappe ned. Det verkar som om idrettsforskinga her legg stor vekt på eit samfunnsmedisinsk perspektiv, der aktivitet (tre-

ning/rørsle/trim) er vel så viktig som individuell måloppnåing i aktiviteten. Eit liknande perspektiv kan ein nytte på deltaking også i musikkorps. Her vil ein ikkje leggje vekt på samfunnsnytte i form av fysisk aktivitet, motverking av overvektsproblem blant barn og ungdom osb. men kanskje heller psykisk og sosial meirverdi. Musikkorpset vil i eit slikt perspektiv vere ein sosial arena for sosialisering, læring og meistring av kulturelle kodar og ein allmenn arena for trivsel og utvikling. I tillegg kunne ein tenkje seg at det ligg samfunnsnytte i meir profesjonsmessig plan, musikkorpset utdannar musikarar til eit breitt spekter av sjangrar og musikaryrke. Problemet med eit slikt samfunnsnytteperspektiv er at organisasjonen igjen blir vagt avteikna. Fotballklubben, musikkorpset eller speidarklubben blir redusert til eit kulturpolitisk instrument for eit anna formål enn det klubben i det daglege er oppteken av. Det kan slik oppstå interessekonfliktar mellom ulike forståingar av mål og arbeidsmetodar, i og med at dei fleste slike organisasjonar i ein viss grad er avhengige av offentlege tilskott, og dermed dette nivået sin gunst.

På eit individuelt nivå legg Gould vekt på eit *cost/benefit*-ressonement, der ulike fritidsaktivitetar står i eit konkurranseforhold. Kan ungdomen få eit betre tilbod andre stader, til ein lågare ”kostnad”, så vil dette vere medverkande til fråfall. På ein måte kan denne måten å sjå ungdomsfråfall ha fokus på kva aktivitet som gjev best valuta for innsatsen, noko eit lag eller ein organisasjon må forholde seg til som ein konkurransesituasjon. Gould (1987) påpeiker at eit viktig stikkord i ei analyse av mobilitet mellom fritidsaktivitetar for barn og unge er ulike livsfasar, sosial integrasjon, sosial bakgrunn, talent osb. Både Seippel (2005) og Gould konkluderer med at fråfall ikkje må sjås og analyserast som eit *fall*, men som ein prosess med ulike steg. Ein må ta høgde for korleis aktiviteten vert opplevd av ulike aktørar i ulike fasar, og ein studie av t.d. ungdomsfråfall frå anten idrett eller musikkorps må difor vere prosessuell i si tilnærming.

Gould (1987) konkluderer med at:

... conflicts of interest and interest in other activities have been found to be the most consistently cited motives for sport withdrawal, while negative motives such as lack of playing time, overemphasis on competition, boredom, competitive stress, dislike of the coach, and no fun have been rated as major motives by a smaller number of former participants (p. 67).

I undersøkinga *Understanding dropout and prolonged engagement in adolescent competitive sport* (Fraser-Thomas, Côtéa og Deakina 2008) freistar forskarane å identifisere sentrale faktorar som regulerar ungdomsfråfall i eit amerikansk idrettsmiljø. Undersøkinga er basert på intervju med ei rad aktive og fråfalne symjarar med ulik demografisk bakgrunn. I ein artikkel om undersøkinga publisert i *Psychology of Sport and Exercise*, skriv dei:

Groups had many similar experiences (e.g. early training, supportive and un-supportive coaches, involved parents). However, only dropouts spoke of early peak performances, limited one-on-one coaching, pressuring parents during adolescence, lack of swimming peers during adolescence, and sibling rivalries. In contrast, only engaged athletes spoke of clubs' developmental philosophies, coaches' and parents' open communication, school friends' support, and siblings' general positive influences. ... Findings highlight the importance of appropriately structured programs and the fragility of athletes' relationships with significant others during the adolescent years.

Viktige faktorar som blir peika på er altså organisasjonsstruktur og forholdet til *signifikante andre* (foreldre, sysken og vener). Det er interessant å sjå at ein i dette prosjektet er relativt kategoriske i å knytte ulike faktorar til dei som sluttar og dei som blir. Ein kan slik bli freista til å sjå svært nøye på kva desse forholda har å si for dropouts også frå norsk musikkorpsrørsle, eller i kva grad positive framhaldskriterium har ein slik overføringsverdi. I så fall kunne ein tenkje seg følgjande parallelle kategoriar:

Negative faktorar

<p><i>Dropout and prolonged engagement in adolescent competitive sport</i> (Fraser-Thomas, Côté og Deakina 2008)</p>	<p>Norske musikkorps</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Early peak performances • Limited one-on-one coaching • Pressuring parents during adolescence • Lack of swimming peers during adolescence • Sibling rivalries 	<ul style="list-style-type: none"> • Barnestjerneproblematikk • Manglande individuell oppfølging • Overambisiøse foreldre / press frå foreldre i barndommen • Mangel på jambyrdig konkurrentar i same alder (i barndommen) • Rivaliserande sysken

Positive faktorar

<p><i>Dropout and prolonged engagement in adolescent competitive sport</i> (Fraser-Thomas, Côté og Deakina 2008)</p>	<p>Norske musikkorps</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Clubs' developmental philosophies • Coaches' and parents' open communication • School friends' support • Siblings' general positive influences 	<ul style="list-style-type: none"> • Lokal organisasjonsmessig utviklingsfilosofi • Open kommunikasjon mellom foreldre, trenar og barn/ungdom • Støtte frå medelevar • Generell støtte frå sysken

Weiss (2000) legg, på bakgrunn av relativt omfattande empiri, vekt på tre hovudkjelder til motivasjon for deltaking i fritidsaktivitetar: ynskje om eller lyst til å utvikle og syne fram ferdigheiter eller kompetanse, ynskje om å oppnå sosial aksept og støtte frå jamaldringar og signifikante vaksne (foreldre, trenar, instruktør) og til slutt ynskje om å ha det gøy. I arbeidet med å motverke uønska fråfall, vil det difor vere viktig med fokus på desse tre motivasjonsfaktorane og å leggje til rette for at dei kan ha optimale vekstforhold.

2.3 Hovudmoment frå idrettsfeltet

Å slutte i organiserte fritidsaktivitetar er, som me før har nemnt, langt i frå ei impulsiv eller rask utmelding. Det dreier seg i staden meir om ein prosess. Slik vil også

årsakssamanhengen for fråfallet vere mangefasettert, noko også våre data tyder på (sjå kap. 6). Seippel skriv:

Det å slutte i et idrettslag er for de fleste en sammensatt affære, men når man blir bedt om å plukke ut én begrunnelse som den aller viktigste er resultatet som følger: «Flyttet» (29 prosent), «Ble skadet» (10 prosent), «Laget hadde ikke noe godt tilbud til meg lenger» (8 prosent), «Måtte bruke tid på familie» (7 prosent), «Måtte bruke tid på utdanning» (7 prosent), «Fikk andre interesser på fritiden» (6 prosent) og «Det var ikke gøy lenger» (6 prosent) (Seippel 2005:63).

Dette resultatet blir støtta av ein brei amerikansk metastudie, *Withdrawal from Competitive Youth Sport: A Retrospective Ten-Year Study*, publisert i artikkelform i det amerikanske tidsskriftet *Journal of Sport Behaviour*, som m.a. seier:

The most important reason for withdrawing of the total sample was "I did not enjoy it any more". "Wanting time for non-sport activities" and "other sports took too much time" were the next most important reasons (Butcher, Lindner and Johns 2002).

Seippel (2005) trekkjer i sin rapport vidare fram at:

- Kostnaden for aktiviteten blir viktigare langs ein tidsakse, ettersom ungdommane byrjar å betale aktivitetar sjølv (eller må velje mellom kva dei skal få spona heime).
- Generell trivsel og instruktør/trenaren si tyding blir mindre viktig med alder.
- Flytting som faktor aukar med alder, for så å minske etter eitt visst punkt.
- Behov for fleksibilitet aukar med alder.

Butcher, Lindner and Johns (2002) skil i større grad enn Seippel på samanhengen mellom fråfall og kva nivå deltakaren er på i aktiviteten. Dei graderar fråfalne deltakarar i fire kategoriar: *sampler*, *low level participant*, *high level participant* og *elite*, basert på kor lengje dei har dreve på, nivå på utøvinga og tidsbruk til trening/øving og konkurransar. Undersøkinga deira viser at det er særleg stor skilnad mellom eliteutøvarane og dei andre gruppene fråfalne. Dei som slutta medan dei var på eit elitenivå legg særleg vekt på prestasjonspress (-angst?), frigjering av tid til studiar/skule og forhold til trenar/instruktør som dei viktigaste grunnane til fråfall¹.

¹ Dei nemner også skade(-ar) som ein viktig faktor.

Dei med minst fartstid i aktiviteten, *samplarane*, skil seg også noko frå dei andre, då dårleg undervisning er ein viktig grunn til at dei slutta. Fråfall som følgje av overgang til andre aktivitetar er viktig for alle grupper. Det er også interessant å sjå at opplevinga av at aktiviteten er gøy og kompetansegivande er ein mindre viktig faktor til fråfall blant eliten enn hjå rekruttane (*samplarane*). Dette er altså identisk med dei funna Seippel (2005) gjer i si norske undersøking.

I forhold til kjønnskilnader, finn Butcher, Lindner and Johns (2002) at jenter verkar å ha dårlegare sjølvtilitt, dei syns ikkje dei er gode nok, samstundes som dei i større grad opplever prestasjonsangst. Studia syner dessutan merkbare forskjellar i korleis jenter i større grad prioriterar skularbeid:

... reasons with significant differences were as follows: females felt more strongly than males that they were not good enough, had more pressure to perform well, needed the time for studying (Ibid.)

Butcher m. fl. ser også på kva årsaker til fråfall som er knytt til spesifikke aldrar. Dette er interessant med tanke på korps, dersom ein, som vi, meiner å sjå visse alderstrinn som særskilt kritiske. Dei hevdar at det å ha det gøy i fritidsaktiviteten er svært viktig til å byrje med (i grunnskule- og ungdomsskulealder), medan denne motivasjonsfaktoren avtek etter som deltakaren blir eldre. På same tid blei tidsklemma, behovet for å frigjere tid til skularbeid, progressivt viktigare jo eldre deltakaren blei. Dei skriv:

Lack of enjoyment was by far the most important reason for the elementary and junior high students, but it was tied with "needing time for studying" for the Grade 10 students. ... lack of enjoyment became progressively less important with age, while time for studying became more important. Four other factors became increasingly more important with age, namely other sports taking too much time, the coach, injury, and jobs (Ibid.)

Som ein ser, listar forfattarane opp fire faktorar som i aukande grad etter alder blir viktig som potensiell fråfallsårsak: andre idrettsaktivitetar som tek tid, trenaren, skader og jobb. Med unnatak av skader, som vel ikkje er ein særskild utfordring innan amatørmusikkfeltet, er dei andre tre relevante også for musikkorpsfeltet. At andre fritidsaktivitetar, for ikkje å snakke om skularbeid, er viktige tidskonkurrentar, veit vi. Dette ser me ikkje minst i det kvalitative datamaterialet i vår undersøking. At trenaren (dirigenten) er sentral både for trivsel og fagleg utvikling (både

kollektivt og individuelt), er også godt belagt både i vårt materiale og av andre (Handegard 2007). Til sist ser me at gryande yrkeskarriere (for vår del særleg kvelds- og helgejobb) saman med skularbeid og andre fritidsaktivitetar utgjer ein viktig konkurrent til speling i korpset, og slik ikkje reint sjeldan er den utløysande faktoren for eit endeleg farvel til musikkorpset.

3. Forsking på musikkorps

Omfanget av forskning på norske musikkorps og musikkorpskultur er relativt lite. Særleg gjeld dette forskning av samfunns- eller kulturvitskapleg karakter. Tone Dahl (2007) tek i si hovudoppgåve frå NTNU ”*Korpsmusikk på Byneset 1889-2007: en historisk oversikt over korpsenes utvikling på Byneset fra 1889-2007, med vurdering av korpsaktiviteten som sosialt samlingspunkt for bygdas befolkning*” for seg musikkorps i eit musikkhistorisk perspektiv. Det same gjeld for Per Gjermund Storrø (2003) si hovudfagsavhandling frå UiO ”*To korps, to virkeligheter: en oppgave om dirigentens betydning belyst gjennom to amatørkorps og egne erfaringer*” og ei lang rad festskrift, artiklar og bøker via lokale musikkorps.

Eit raskt søk i Bibsys syner likevel nokre spreidde tekster med eit meir kultur- eller samfunnsvitskapleg blikk. Dette gjeld framfor alt Katrin Meløy (1999) si hovudfagsoppgåve i sosiologi ”*Skilsmisse mellom det styrende og det utøvende leddet i en organisasjon: en analyse av situasjonen i Norges Musikkorps Forbund nær 80 år etter stiftelsen*”, Gunnar Heiling (2000) si doktorgradsavhandling frå Lunds Universitet ”*Spela snyggt och ha kul : gemenskap, sammanhållning och musikalisk utveckling i en amatörorkester*”, Tone Norbeck (2002) si hovudfagsoppgåve frå NTNU ”*Skolekorps i klemme?: en studie av to skolekorps i Norge*” og sist men ikkje minst Berit Handegard (2007) si masteroppgåve i kulturvitskap frå UiB ”*Musikkorps, mer enn 17. mai?: et kulturanalytisk perspektiv på musikkorps*”.

I dette kapitlet vil me gå gjennom nokre hovudpunkt frå særleg Handegard sitt bidrag, då det forutan å gi ei god oversikt over pragmatiske, organisatoriske sider ved musikkorpskulturen, dessutan gjev eit interessant innblikk i ei rad sosiologiske prosessar i produksjon og vedlikehald av musikkorpskulturelt innhald.

3.1 Organisering og rekruttering

I følgje Handegard organiserer korpsa seg i ulike kategoriar på bakgrunn av besetning og medlemmene sin alder. Dei ulike typane er:

- Skolekorps janitsjarbesetning²
- Skolekorps brassband
- Amatørkorps janitsjarbesetning.
- Amatørkorps brassband
- Generasjonskorps janitsjarbesetning
- Generasjonskorps brassband

Skulekorpsa har i hovudsak medlemmer i alderen 8 – 19 år (altså i grunn- og vidaregåande skulealder), medan amatørkorpsa har medlemmer frå 14-15 års alder og oppover. Generasjonskorpsa består av både barn og vaksne, mest vanleg i område der det ikkje er grunnlag for annan samansetjing. I tillegg kjem prosjektkorps, sett saman for spesielle høve og fylkes-, nasjonale og internasjonale korps som et tilbod til musikarar, som regel til spesielt dyktige ungdommar (Ibid.).

Musikkorpsa er demokratisk oppbygd med årsmøte og medlemsvalde styrer (med ansvar for drift og økonomi). Handegard skriv:

I skolekorpsene vil det være foreldre og medlemmer over 15 år som sitter i styret, i amatørkorpsene musikerne selv. I tillegg er det en lønnet dirigent, ansatt av styret. Dirigenter har en eller annen form for musikkutdanning, gjerne som instrumentalister eller musikkpedagogikk og med en mer eller mindre formell tilleggsutdanning i direksjon (2007: 22).

I følgje Handegard vil det variere i kva grad rekrutten i korpset får oppfylt særskilde ynskje om eitt bestemt instrument. Av og til går dette greitt, i andre tilfelle vil slik ynskje vere vanskelege å oppfylle, anten ved at utlånsinstrument manglar eller det ikkje er behov for fleire av denne instrumenttypen i besetningen. Ein kan mao. oppleve at kollektive behov går før individuelle ynskje. Det er likevel slik, i følgje Handegard, at korpsa både er interesserte i og avhengige av nøgde rekrutar/medlemmer, og difor vil strekke seg langt for å imøtekomme ynskjer, eventuelt leggje til rette for bytte av instrument etter ei viss tid eller andre fleksible løysingar. Når det gjeld besetningsspørsmålet, er det interessant. Handegard skriv:

Enkelte instrument synes mer populær enn andre, enten fordi de er profilert på offentlige musikkarenaer eller fordi de for eksempel fremstår som solistiske

² Eit brassband består av messinginstrument og slagverk og består av omlag 30 musikarar for å dekke stemmene i partituret. I eit janitsjarorkester utgjer treblåseinstrument den klanglige kjernen. Størrelsen på orkesteret kan variere frå under 30 til over 100 musikarar.

kontra akkompagnerende. Det er imidlertid personavhengig og det er ikke utført noen undersøkelser som sier noe om dette. Ved å iaktta korpsene vil en likevel i grove trekk kunne si at jentene spiller klarinett og fløyte, guttene grovmessing og slagverk (2007: 24).

Musikkorps som fritidsaktivitet har i følge Handegard ry for å vere ein trygg arena for barn og unge, også blant foreldre (Ibid.) Det kan verke som om den posisjonen musikkorpskulturen har i Noreg, både i by(nære)strøk og på bygda, er forankra i og samanknytt med eit tradisjonelt sunnhetsideal, ikkje ulikt det idrettsfeltet opererer med. Slik står musikkorpset fram både som eit godt og sjølv sagt alternativ til ei generell allmenndanning. Dette gjer, noko også Handegard peikar på, at deltakinga i musikkorps ikkje er eit val som treng forklaring eller forsvar. Dette forklarar dessutan kvifor så mange rekrutterast inn, og kanskje særleg kvifor så mange svært unge (6-7 år er ikkje uvanleg) blir rekruttert.

3.2 Kulturanalytiske perspektiv

Handegard går relativt kritisk til verks i si analyse av korleis medlemsmassen i musikkorpsa blir produsert og vedlikehalde. Ho baserer dette på eit kvalitativt data-materiale, for det meste ei rad intervju med tidlegare og noverande korpsmedlemmer. Ho teiknar her eit bilete av ein organisasjon som investerer mykje i medlemmene sine, og der denne investeringa blir forventa å gje ”avkastning” i form av deltaking både som musikanter i fast posisjon, som ideal (idol) for rekruttar og hjelpe-lærar for dei yngre. Slik vil individuelle krav og behov til ein viss grad vere utfordringar og til tider regelrett trugslar for fellesskapen. Kollektivtanken står sterkt, noko både forskinga til Handegard, våre egne funn og meir populariserte haldningar, myter og forestillingar tyder på. Det siste kan t.d. tydeleg lesast inn i NRK-serien ”Orps” som blei ein stor suksess for nokre år sida (www.orps.no). Handegard skriv m.a.: ”Det er alltid noen som slutter i skolekorpsene før de har nådd øvre aldersgrense på 19 år, enten fordi det ikke passer dem eller fordi de foretrekker noe annet. Dette medfører problemer for fellesskapet” (s. 67).

Dei eldste skulekorpsmedlemmene si viktige tyding, gjer at korpsa legg ned mykje resursar for å halde på dei. Viss nokon signaliserar at dei vurderer å slutte, vil som regel dirigent, tillitsvalde eller foreldre, i følge Handegard, freiste saman og kvar for seg å overtale vedkomande til å halde fram. Dette er noko også våre funn stør.

Det kan imidlertid verke som om dei tiltaka korpsa nyttar varierar frå korps til korps. Det finst ikkje, slik me har oppfatta det, ein einskapleg, nasjonal metodikk eller prosedyre for å korkje førebyggje eller hindre, når det skjer, at ein (viktig) ungdom sluttar. I somme tilfelle kan korpset si overtalingstaktikk i høve ein som ynskjer å slutte, verke i overkant direkte og invaderande. Handegard fortel om ein informant som hadde vore med på ein slik "aksjon":

"Trine" har selv vært hjemme hos en som ønsket å slutte. Hun har selv kjørt vedkommende til øving, da kom hun frivillig.

"Vi presser ikke, vi bare spør og snakker og tilslutt skjønner de egentlig at det er dette de vil. At de bare er inne i en periode hvor de vil slutte, at det går over."(Trine, protokoll s. 57)

Denne aksjonen fra "Trine" gjorde at musikanten fortsatte i korpset. Lysten til å slutte "gikk over".

Sjølv om dette nok er ein framgangsmåte som tidvis blir praktisert i frivilligsektoren, er det lett å assosiere den med sektliknande organisasjonar eller politiske ungdomsorganisasjonar i tidlegare austblokkland si medlemspleie. Veggen til utidig invasjon av individet er kort. Vår oppfatning er difor at slik praksis heller må erstattast av positive førebyggjande tiltak.


Med omsyn til kva rolle vener i korpset spelar for framhald eller fråfall, hevdar Handegard at det syns å vokse fram ein lojalitet i forhold til å spele og vere saman i korpset. Det å slutte kan slik oppfattast som "eit svik" (Ibid.: 97). Våre data stør i stor grad at kva vener gjer utgjer ein svært viktig faktor for fråfall eller ikkje. Våre data peikar imidlertid meir i retning av at ungdom riv andre ungdommar med seg viss dei sluttar, enn at gruppa vender seg innover, imot den fråfalne (sjå kap. 6). Slik sett kan ein si at det er bygd opp sterke strukturar for å hindre dei vel integrerte frå å bryte ut. Likevel syner tal at det er det mange gjer. Handegard konkluderer med at det verkar å vere lett å melde seg inn i eit musikkorps, men progressivt vanskelegare å melde seg ut etter kvart som ein blir ein viktig del av gruppa, ein viktig lagspelar. Vårt materiale stadfestar inntrykket av at det er lett å byrje. Rekutteringa er svært god og mange er innom musikkorpset for å prøve seg. Dette resulterer imidlertid i at mange slutter etter kort tid. Sjølv om Handegard hevdar at det blir vanskelegare å melde seg ut etter kvart, då dei "*blir holdt tilbake av korpsledelsen, kameratene og når det gjelder gruppen av unge musikanter, også av foreldrene*" (Ibid.:) syner våre kvalitative data og ikkje minst NMF sine egne regis-

terdata at mange likevel vel ei slik løysing. Dei sluttar: pga. at vener sluttar, at korpsmusikk har låg sosial status, at andre fritidsaktivitetar tek tid, at dei opplever for dårleg musikalsk utvikling eller at skulearbeid eller ekstrajobb kolliderar tidsmessig. Handegard framhever særleg tunge sosiale bindingar i form av ei omforeint kollektivkjensle som motvekt mot fråfall. Spørsmålet er, noko me vil diskutere meir inngåande i kap. 6., om ei slik kjensle verkar like sterkt i dag som før. Fokuset på individualitet og eiga utvikling er sterke krefter i samfunnet og populærkulturen (Featherstone 1991), som mange ungdommar, korpsungdommar inkludert, kjenner seg familiære med. Kanskje noko av svaret på fråfall nettopp ligg i opplevinga av kollektivets ”tvang” eller trugsmål mot individuell fridom?

3.3 Kartlegging av norske musikkorps omdømme og profil

Respons kartla på oppdrag frå NMF i 2009 norske musikkorps sitt omdømme blant tenåringar og foreldre til barn i aldersgruppa 6-18 år. Respondentane blei henta både blant dei innafor og utanfor korpsrørsla.

Alt i alt syner denne undersøkinga at ingen ting tyder på at korpsmusikk eller korpskultur har særskilt dårleg omdømme. Tvert om meiner eit klart fleirtal av både foreldre- og ungdomsrespondentane (ca. 70 og 60 %) at dei assosierar korps med positivt ladde omgrep som *inkludering* og *engasjement* (sjåFigur 1).




Figur 1: Prosent som er einige i ulike påstandar om korps (Respons 2009)

Om lag ein tredjedel av ungdommane meiner korps er nerdete, men undersøkinga seier ingenting om omgrepet ”nerdete” blir opplevd som negativt eller positivt ladd. I seinare tid kan det faktisk verke som om dette har endra seg frå å vere ein-tydig negativt til noko meir positivt. Dette veit me imidlertid lite om i høve ungdom sitt forhold til korps. Dessutan, fleire ungdommar (ca. 36 %) meiner korps er kult!

I same undersøkinga, men i samband med eit anna spørsmål (sjå Figur 2), svarar ca. 25 % av ungdommane at å spele i korps er flaut (Ibid.). Dette kan vere noko motstridande, men avspeglar truleg ein ungdomskultur som også våre informantar fortel om (kap.7). Denne haldninga kan truleg m.a. forklare noko av fråfallet i forbindelse med overgangen frå barne til ungdomsskule (12-14-årsalderen).

Ungdommers vurdering av påstander (spørsmål 6)



Figur 2: Prosent som er enige i ulike påstandar om korps (Ibid.)

4. Metodiske betraktningar

Undersøkinga om tenåringsfråfall frå musikkorps består av tre delar: ein gjennomgang av statistisk materiale, ei undersøking blant ungdom som er eller har vore med i korpsmiljø, samt ein gjennomgang av teori og empiri frå relevant forskning på fråfallsproblematikk på idrettsfeltet. Det empiriske materialet har såleis bestått av både kvalitative og kvantitative data.

Det kvantitative datamaterialet er i hovudsak registerdata frå Norges Musikkorps Forbund sitt medlemsregister og data frå ei surveyundersøking blant tidlegare og noverande medlemmer i forbundet. Me har studert tal frå *Østfold*, *Buskerud*, *Oslo* og *Bergen* saman med tala for *heile landet*, og sett på forskjellar mellom regionane og på utvikling over tid.

Det kvalitative datamaterialet baserer seg for det meste på semistrukturerte telefonintervju med ungdommar mellom 16 og 19 år, både tidlegare og noverande medlemmer av musikkorps. I tillegg har me nytta kvalitative komponentar frå surveyundersøkinga, i form av kommentarar og innspel frå opne svar.

Gjennomgangen av ungdomsfråfall på idrettsfeltet er basert på leiande norsk og internasjonal forskning på feltet, om enn langt frå utfyllande eller med krav om å vere generelt gyldig. Dette er eit stort og forskingsfagleg omfattande emne. I tillegg har me tatt med materiale frå norsk forskning på musikkorps, eit materiale som i seg er relativt avgrensa, utan at me dermed hevdar å vere utfyllande i vår omgang med materialet.

4.1 Det kvantitative datamaterialet

Me har fått statistikk som byggjer på medlemsregisteret til Norges Musikkorps Forbund (NMF). Datamaterialet strekkjer seg frå 1995 til 2010. I prinsippet har me data per fylke og per år fordelt på eittårig aldersinndeling. Eit slikt datamateriale kan ein få sær mykje ut av å studera.

Diverre ser det ut til å vera ein del manglar med datasettet. For det fyrste viser 1995-årgangen store manglar. Det er tydeleg at innkøringa av det nye systemet for medlemsregistrering tok litt tid.

Gjennomgangen har også vist at medlemstalet me har fått frå dette registeret, svingar på ein måte som ikkje verkar heilt truverdig. Materialet viser ein veldig topp i medlemstal, særleg mellom unge, rundt 2004. Kontaktpersonane våre i musikkorpsforbundet kan ikkje forstå at dette speglar faktisk utvikling. Medlemstal rapportert til Fordelingsutvalet³ viser ikkje den same utviklinga. Nokre år er våre tal høgare enn dei til Fordelingsutvalet, andre gongar omvendt.

Ingen kan koma med fullgode forklaringar på kvifor tala er som dei er, men forskarane og oppdragsgivarane i musikkorpsforbundet har drøfta ei rekke faktorar som i større eller mindre grad kan forklara det me ser:

- Kanskje kan noko av ulikskapane koma av at registeret har mangla/hatt feil fødselsdatoar på ein del personar. Desse har ikkje vore med i rapporteringa, men når dei seinare har fått rett medlemsdato, har dette fått "tilbakeverkande kraft" i registeret.
- Medlemstala me opererer med er rekonstruerte ut frå innmeldingsdato og utmeldingsdato. Når folk melder seg inn og ut og så inn igjen i same korpset vil det sjå ut som dei har vore medlemmer heile tida. Dette utgjer truleg få personar i barne- og ungdomsgruppa.
- Dersom eit korps ikkje har betalt kontingent inn til sentralt, vil korpset etter alt å dømme ikkje telja med i tala til Fordelingsutvalet. Men dei vil framleis telja med i tala me har brukt her.
- I nokre tilfelle kan personar telja fleire gonger i talmaterialet me har brukt, men berre ein gong i innrapporterte tal. Dette gjeld særleg dersom ein person er medlem i fleire korps i ulike fylke. Truleg gjeld ikkje dette mange.
- Hausten 2005 lanserte NMF elektronisk medlemsrapporteringssystem. Dette kan ha påverka tala til ein viss grad. Det blei i starten registrert ein heil del dublettar. Det var dessutan mykje feil i fødselsdatoane, så tala blei kraftig sila før rapportering.

Det er viktig å hugsa at registeret ikkje er laga for å seinare kunna gje ut historiske tverrsnitt. Det er laga for *til ei kvar tid* å ha rett informasjon. Dette garanterer ikkje at informasjonen blir verande rett seinare.

³ Fordelingsutvalet er eit forvaltingsorgan under Barne-, likestillings og inkluderingsdepartementet. Dei har som hovudoppgåve å tildela stønad til Noregs frivillige, landsomfattande barne- og ungdomsorganisasjonar.

I denne rapporten har me analysert dei tala me har hatt tilgang til, men når ein les kapittel 5 må ein ha denne uvissa i bakhovudet. Det er særleg grunn til å vera skeptisk til det høge medlemstalet rundt 2004, den sterkt positive utviklinga fram mot dette året og den brå, negative utviklinga etterpå.

4.2 Spørjeundersøkinga via e-post (Questback)

Spørjeundersøkinga (vedleggsblokk 2) blei gjennomført ved hjelp av det elektroniske spørjeskjemaverktyet Questback og var retta mot ungdom mellom 16 og 19 år som er eller har vore medlem i korps i løpet av dei siste tre åra. Utvalet var vidare avgrensa til slike som har vore med i fire område: Østfold og Buskerud fylke og Oslo og Bergen kommune.

I denne kategorien var det i utgangspunktet 1150 potensielle respondentar. Grunna ugyldige e-postadresser kom 265 i retur. Etter e-postadressene å døma, har mange av musikantane på det gjeldande tidspunktet ikkje hatt eiga e-postadresse, men registrert adressa til foreldra. Den tekniske løysinga er diverre slik at det ikkje er mogleg å vidaresenda invitasjonar til spørjeundersøkinga. Eit uvisst tal potensielle respondentar fall difor frå.

304 personar byrja svara på undersøkinga. Dei 62 som svara ”*Nei, eg har aldri vore med i musikkorps*” på opningsspørsmålet blei sende ut av undersøkinga, og er ikkje med i talmaterialet. Dette dreier seg truleg dels om foreldre og kanskje dels om unge som berre var aspirantar ei kort tid og ikkje føler at dei har vore med i korps.

Av dei 242 som var med etter dette er nokre, etter alderen å døma, foreldra til dei som var i målgruppa for undersøkinga. Desse har interessante innspel, men me tek ikkje med deira synspunkt i denne delen.

Til saman er det 49 personar som oppgjev ein annan alder enn 16, 17, 18 eller 19 år.

Utforminga av surveyundersøkinga blei, i tillegg til dei sentrale forskingsspørsmåla knytt til prosjektet, mykje bygd på og formgjeven utifrå dei teoretiske og empiriske erfaringane gjort i norsk og internasjonal forskning på fråfall på idrettsfeltet. Særleg ville me teste ut om det var liknande årsakssamanhengar i korpsmiljøet som på idrettsfeltet. Me ville dessutan undersøke kva rolle *signifikante andre* (foreldre, vener,

dirigent osv.) spelte for fråfall/framhald. Vidare freista me å undersøke kva erfaringar respondentane hadde gjort seg med korpset som arena for kollektiv kontra individuell musikalsk og sosial handling. Ein del omfatta særskilt kva rolle musikalsk utvikling og oppfattinga av talent utgjorde. Til slutt hadde me eit hovudfokus på i kva grad regionale forskjellar, særtrekk og tilpassingar kunne påverke opplevinga av korpsdeltaking.

Undersøkinga blei sendt ut på begge målformer (valfritt) med tre purringar.

4.3 Det kvalitative materialet

Det kvalitative datamaterialet er for det meste henta frå ti semistrukturerte telefonintervju med både noverande og tidlegare medlemmer av musikkorps. Tenåringsinformantane blei rekruttert frå respondentane til surveyundersøkinga. Utvalskriteria som blei nytta, var geografisk tilhøyrsla, fartstid i korpsrørsla, alder og kjønn, samt interessante svar på sentrale spørsmål kring motivasjon for anten å slutte eller å halde fram i korps. Målsettinga var å sikre informantar med ulik bakgrunn både med tanke på alder, kjønn og geografi, samt sjølvsagt å kunne få eit djupare innblikk i interessante problemstillingar som avteikna seg i spørjeundersøkinga. Særleg gjaldt det i kva grad ulike interne og eksterne faktorar knytt til m.a. forhold til dirigent og andre vaksne i korpset, repertoarval, instrumentopplæring, venskap og pliktkjensle har å seie for motivasjonen til å halde fram i korps. Ut frå desse kriteria valde me 25 potensielle informantar, som per e-post blei førespurd om å stille til telefonintervju. Berre to informantar tok positiv kontakt som følgje av dette, med påfølgjande intervju. Me måtte derfor ta direkte kontakt med informantane etter fyrst å ha innhenta (mobil)telefonnummer frå NMF sitt medlemsregister. Intervjua blei gjort på bakgrunn av ein intervjuguide, tekne opp på diktafon og transkribert.

5. Kvantitative data og analysar

Me har fått ut tal frå medlemsdatabasen til NMF for å kunne kaste lys over organisasjonen, utviklingsdrag og regionale variasjonar i rekrutteringa. Etter ynskje frå oppdragsgjevar ser me nærare på fylka Østfold og Buskerud, og kommunane Oslo og Bergen. Under omtalar me desse fire som *regionar*.

Medlemstala er tekne ut 10. januar kvart år.⁴

5.1 Utvikling over tid

Me vil starte med å sjå litt på korleis utviklinga i medlemsmassen har vore over tid.

	1996	2000	2005	2010
0-7 år	936	1105	938	1122
8-10 år	13545	14515	15682	14439
11-12 år	10508	9505	10924	8550
13-14 år	8160	5971	7179	5692
15-16 år	6272	4256	4425	4211
17-18 år	4385	3163	2739	3061
19-20 år	2247	1373	1178	1226
Sum 8-20 år	45117	38783	42127	37179
Sum alle aldrar	62156	56700	61828	57933


Tabell 1: Medlemstal etter alder og år⁵

Tabell 1 viser medlemstalet i NMF etter alder og år. Det er ingen tydeleg utviklingstendens i det totale medlemstalet i denne 14-årsperioden. Det som er den tydelegaste tendensen i talmaterialet, er at det er ein kraftig auke i talet på medlemmer

⁴ Dette tyder at tala eigentleg er nærare det offisielle medlemstalet året før. Ein del av formuleringane i dette kapitlet kan soleis vera noko misvisande. Når me skriv om *utviklinga får t.d. 2003 til 2004* hadde det nok eigentleg vore riktigare å skrive frå 2002 til 2003. Men her har me fylgt tala slik dei står.

⁵ Det ville vore naturleg å nytte 1995 heller enn 1996. Diverre var systemet for medlemsregisteret heilt nytt i 1995, og tala er difor tydeleg mangelfulle.

over 40 år. Dette går me ikkje vidare inn på, ettersom det er ungdomsgruppa me konsentrerer oss om. Me ser i tillegg at det er eit tydeleg fall i medlemstalet i alderen 11-20 år. Det er verd å sjå nærare på aldersfordelinga i barne- og ungdomsgruppa. Noko vilkårleg har me plukka aldersspennet 8-20 år.



Figur 3: Medlemstal etter alder, avgrensa til 8-20 år

Som me ser av Figur 3, er det ikkje noko i vegen med rekrutteringa av 8-9 åringar i forhold til tidlegare. Det kan sjå ut til at avskalinga er noko større enn før for alderstrinna som kjem etter: I aldersgruppa 10-13 år er medlemstalet i 2010 lågare enn i dei tre tidlegare periodane me har plukka ut.

Figuren tyder på at det er ein negativ trend i utviklinga. Kor sterk denne er, er avhengig av kva tidsrom me ser over. Endringane frå 1996 til i dag er til dels store. Frå 2000 til i dag, er det nesten inga endring. Dersom den store endringa frå 2005 til 2010 er teikn på ein *ny* trend, er utviklinga dramatisk.⁶

Vidare vil me i tabellform sjå på kvar tyngdepunktet i medlemsmassen ligg aldersmessig.

⁶ Me ser litt nærare på denne utviklinga i avsnitt 5.3.2.

Alder for medlemmer i kategoriane "spill" og "drill"				
	1996	2000	2005	2010
Medianalder	14	13	13	14
Gjennomsnittsalder	18,7	19,8	20,6	22,7
Gjennomsnittsavvik ⁷	9,1	11,0	12,2	14,4
Varians	150,7	194,8	227,6	293,0

Tabell 2: Sentralmål og spreingsmål for medlemsmassen.

Sentralmål

I tabellen er *medianalder* målet av størst interesse. Medianalder skal tolkast slik at dersom medianalderen er 14 år, tyder det at halvparten av medlemmene er 14 år eller yngre. I denne samanhengen er det uheldig at alderen er målt i heile år, av di medianen ikkje fangar opp små endringar. Medianalderen viser ingen *trend* i utviklinga.

Gjennomsnittsalder er ikkje eit godt mål, av di dei eldste trekkjer opp gjennomsnittet for mykje. Resultatet blir særleg uinteressant av di me er interessert i fråfall mellom *ungdom*. Saman med medianalderen gjev snittet likevel interessant informasjon. Me ser at gjennomsnittsalderen viser ei klar utvikling i retning høgare alder mellom medlemmene.

Spreingsmål

Ved å samanhalda medianalder og snittalder kan me sjå at det har skjedd endringar i den delen av medlemsmassen som er eldre enn medianalderen. Måla *gjennomsnittsavvik* og *varians* seier det same. Aldersspreinga blir større over tid.

5.2 Regionale variasjonar

Vidare vil me studere variasjonen mellom dei fire regionane og i forhold til landsgjennomsnittet. Det er viktig å finne ut om nokre regionar har gode resultat som andre kan lære av.

⁷ Gjennomsnittsavvik er den gjennomsnittlege aldersavstanden til snittalderen.

Medlemmer, 8-20 år				
År	1996	2000	2005	2010
Bergen	1424	1217	1586	1560
Oslo	2922	2875	3758	3098
Buskerud	2138	1603	1925	1419
Østfold	2430	1830	1616	1400
Heile landet	45117	38783	42127	37179

Tabell 3: Medlemstal etter år og region

Medianalder – spill/drill				
År	1996	2000	2005	2010
Bergen kommune	15	16	14	16
Oslo kommune	14	13	13	13
Buskerud fylke	13	14	14	15
Østfold fylke	14	13	14	15
Heile landet	14	13	13	14


Tabell 4: Medianalder for i regionane og for heile landet, ulike år.

Aldersgjennomsnitt - spill/drill				
År	1996	2000	2005	2010
Bergen kommune	19,3	21,2	20,5	22,3
Oslo kommune	19,2	19,3	19,8	22,1
Buskerud fylke	19,1	21,5	22,3	25,4
Østfold fylke	18,1	19,4	22,0	24,6
Heile landet	18,7	19,7	20,6	22,7

Tabell 5: Snittalder for regionane og for heile landet, ulike år.

Som me ser av Tabell 4 er det ikkje dramatiske endringar i medianalderen over tid. Berre Buskerud viser teikn til utvikling, der medianalderen har gått frå 13 år i 1995 til 15 år i 2010. Når det gjeld den regionale variasjonen, utmerkar Bergen seg med ein høgare medianalder enn dei andre. I 2010 har Oslo ein noko lågare medianalder enn landet elles, og særleg lågare enn dei andre regionane me studerer.

Tabell 5 fortel ei tydelegare historie. Det er fleire års skilnad i snittalder. I 2010 har Buskerud og Østfold eit snitt som ligg fleire år over dei største byane og landsgjennomsnittet. Dette mønsteret var omvendt i 1996.




Figur 4: Utvikling i gjennomsnittsalder for fire regionar

Snittalderen har auka kraftig om enn ujamt gjennom perioden i alle dei fire regionane, og i landet som eitt. For landet som eitt, legg særleg merke til knekken i 2004. Særleg stor er auken i Buskerud og Østfold, med 6,3 og 6,5 års oppgang i snittalderen. Dette er dramatiske tal, som truleg er viktig for korpsa. Om dette seier noko om oppslutninga mellom ungdom må me sjå nærare på.


5.3 Ein nærare kikk på barne- og ungdomsgruppa

5.3.1 Eit statisk blikk

Ettersom gjennomsnittsalderen i tabellane over har fanga opp store endringar i høgare aldersgrupper, lagar me her nye gjennomsnitt som berre fangar opp endringar i aldersgruppa 8-20 år. Medan høg snittalder for korpsa totalt kan oppfatast som eit faresignal, er høg snittalder *innanfor denne gruppa*, gitt stabilt medlemstal, eit teikn på kontinuitet.



Figur 5: Utvikling i talet på medlemmer i aldersgruppa 8-20 år for fire regionar



Figur 6: Snittalder mellom medlemmer i aldersgruppa 8-20 år.

Figur 6 viser ei anna historie enn Tabell 5 og Figur 4. Innanfor denne gruppa ser me at alle regionane, og landet totalt, viser den same utviklinga med ein kraftig *fallande* snittalder fram til kring 2003/2004⁸. Trenden snur, og snittalder er *aukande*

⁸ Både Figur 5 og Figur 6 synleggjer at åra kring 2004 peikar seg ut som noko spesielt. Jmf. Drøfting i avsnitt 4.1.


fram mot 2009. For Bergen, Oslo og landet sett under eitt, kan det sjå ut til at trenden har snudd på nytt i det siste.

Heile perioden sett under eitt, er snittalderen fallande innafor gruppa i alle regionane og i landet sett under eitt. Dette tyder på at problemet med tidleg fråfall kan vere aukande, i tråd med diagnosen NMF sjølv har stilt.

Me ser at Buskerud er regionen med den mest stabile alderen, medan dei andre regionane og landet elles har eit snitt som er godt og vel eit halvt år lågare i 2010 enn i 1996. Bergen og Østfold har høgaste snittalderen i 2010, men desse låg klart over Buskerud og Oslo også i 1996.

Om me ser tilbake til Figur 3 med desse tankane i hovudet, er det mogleg å hevde at korpsa dei siste par åra har hatt den sunnaste aldersfordelinga sidan slutten av 90-talet. Det er litt færre yngre medlemmer enn i 2000 og 2005, men frå 16 år og oppover er det ingen nedgang. Dersom denne fordelinga representerer ei stabil fordeling, ser det relativt bra ut. Det skal me sjå nærare på i avsnitt 5.3.2.

I Figur 7 ser me at tala for heile landet, (som presentert i Figur 3,) dekkjer over store ulikskapar mellom regionane. Særleg store er endringane for Oslo. Me skal koma tilbake til dette nedanfor. Dei tre andre regionane har konvertert til å vere ganske like både i medlemstal og alderssamansetting.



Figur 7: Aldersfordeling for regionane, 1996 og 2010

5.3.2 Eit dynamisk blikk - fråfall

I avsnitt 5.3.1 la me vekt på aldersfordelinga på ulike gitte tidspunkt og skreiv at eit høgt aldersgjennomsnitt i gruppa barn og unge kan vera eit teikn på stabilitet. Denne måten å lesa statistikk på fangar ikkje opp endringsmønster som brukar tid på å festa seg. Når grafen over medlemstalet fell bratt frå tiårsalderen mot 15-årsalderen, kan dette vere eit teikn på at ein ikkje klarar å halde på musikantane ein rekrutterer. Men i visse situasjonar kan det også vere eit teikn på at ein har hatt særleg god rekruttering *dei siste åra*. Dersom dette er tilfelle, er det grunn til å tru at mange tiåringar i eitt år, vil gje utslag i mange 15-åringar fem år seinare. Me ser no på kvar region med det dynamiske blikket.

Aldersfordelt fråfall frå korpsa over treårsperiodar																
År\ Alder	Bergen			Oslo			Buskerud			Østfold			Landet			
	97-00	02-05	07-10	97-00	02-05	07-10	97-00	02-05	07-10	97-00	02-05	07-10	97-00	02-05	07-10	
12-15	34	26	41	49	44	58	54	39	51	48	51	33	48	45	48	
13-16	47	30	20	49	36	49	56	51	43	53	51	43	50	46	48	
14-17	34	35	5	49	35	55	52	23	46	50	35	37	50	46	43	
15-18	19	15	15	58	41	55	58	23	53	48	49	41	52	47	46	
16-19	39	27	39	70	54	60	56	50	49	52	42	56	71	61	64	
17-20	26	41	59	72	64	59	75	57	69	75	71	58	74	69	72	
18-21	11	35	50	64	46	40	63	71	72	73	67	64	70	67	67	


Tabell 6: Fråfall av medlemmer. Prosent av eit kull som har gått ut av medlemsmassen sidan tre år tidlegare. Byggjer på reine netttotal og føreset implisitt at ingen i aldersgruppa har meld seg inn i perioden.

Tabellen skal lesast slik at eit tal representerer fråfallsprosenten i ein treårsperiode for eitt kull. Ta som eit døme: Bergen – 07- 10 – alder 15-18. Her finn me talet 15. Dette skal lesast som at ”15 prosent av medlemene som var 15 år i 2007, har falle frå når dei er 18 år i 2010 (der- som ingen i aldersgruppa melde seg inn i perioden).

Heile landet

Me ser av Tabell 6 at fråfallsprosenten blir høgare opp mot aldersgrensa i skulekorpsa. Det ser ut til at fråfallet er nokolunde jamt. Tendensen er at fråfallet er noko høgare i perioden 2007-2010 enn i perioden før, men lågare enn i 1997-2000.

Bergen kommune



Figur 8: Aldersfordeling for Bergen, 1996, 2000, 2005, 2010.

Det vanlege er at eit medlemskull har ei avskaling i medlemstal år for år, slik at det stadig blir færre medlemmer di eldre dei blir. Oftast vil dette visa seg i aldersfordelinga som at ein har stadig færre medlemmer innafor kvart årskull, når ein ser oppover aldersfordelinga. Me ser av Figur 8 at dette ikkje heilt gjeld i Bergen. Det er fem måtar slike oppgangar i medlemstal for høgare aldersgrupper kan forklarast.

- 1) Det kan vere mange som startar i korps i høg alder. Dette er ei tynn forklaring. Det er lite truleg at det i 2010 var mange 17-åringar som byrja i korps.
- 2) Me kan ha hatt ei bølge av ekstra mange aspirantar eit år, og denne bølga vil flytta seg oppover aldersgruppene. Slike bølger er ikkje lette å få auge

på i dette tilfellet. Dei ekstra mange 17-åringane i 2010 er ikkje lett synlege som ekstra mange 12-åringar i 2005.

- 3) Eit kull blir av ulike grunnar verande lenge i korpsa. Slike fenomen er vanlege i kvart enkelt korps, men har ein tendens til å jamna seg ut når ein ser på tvers av mange korps. Det er rart om ein slik effekt gjer seg sterkt gjeldande når ein ser på heile Bergen samla, men det kan ikkje utelukkast.
- 4) Systematisk tilflytting frå andre kommunar kan gjere at ein kommune får ekstra mange ungdommar. For alle dei fire åra ser me at det er relativt liten nedgang i medlemstalet oppover i aldersgruppene frå 14 år. Den beste forklaringa me kjem på, er at mange unge flyttar til Bergen for å gå på vidaregåande skule og byrjar i korps her. For gruppa 19-20 år kan det også vera studentar.
- 5) Det kan vera feil i datamaterialet. Dette er kanskje den mest sannsynlege forklaringa.

Dersom den fjerde forklaringa er viktigast, nyt Bergen altså godt av rekruttering og opplæring som korps i andre kommunar har stått for. Det viktigaste Bergenskorpsa i så tilfelle har gjort riktig, er at dei ser ut til å vera flinke til å inkludera innflyttarar. Det må også leggjast til at eit slikt resultat som me ser i Bergen er lettare å få til dersom ein *i tillegg* har lågt fråfall.


Av utvikling elles vil me nemna: Frå 2000 til 2005 er det ein sterk vekst i alle aldersgrupper frå 8 til 14 år. Frå 2005 til 2010 ser me nedgang i talet på 11- og 13-åringar, men oppgang for høgare aldrar.

Veksten i 8- til 14-åringar frå 2000 til 2005 fører til at det er i 2010 er fleire medlemmer i dei fleste gruppene innanfor 13-19 åringar i, enn det som er tilfelle i 2005.

Me ser av Tabell 6 at det treårige fråfallet har stige for nokre aldersgrupper, men gått ned for andre.

Kva det enn er som ligg bak, har Bergen hatt eit langt lågare nettofråfall enn landet elles, sjølv om dei har tapt noko av fordelan fram mot 2010.

Oslo kommune



Figur 9: Aldersfordeling for Oslo, 1996, 2000, 2005, 2010.

Figur 7 viser noko av den same utviklinga som me såg for Bergen, men det er også ulikskapar. Frå 96-2000 var det vekst i talet på 8-11-åringar, medan det var nedgang i alle høgare aldersgrupper. Fram mot 2005 var det oppgang i alle aldersgrupper utanom 19- og 20-åringane. Vidare fram mot 2010 er det relativt stor nedgang i aldersgruppene 10-15 år, medan talet på aspirantar ser ut til å vera stabilt. Det statistiske blikket tyder på at fråfallet blir stadig større, ettersom kurva blir brattare. 1996 har med dette blikket den sunnaste aldersfordelinga⁹.

Det dynamiske synet er at medlemsveksten treng tid til å forplante seg oppover i aldersgruppene. Om me samanliknar 2000 og 2005, ser me at det er lite endring i talet på 8-åringar, medan det er sterk vekst i talet på unge mellom 10 og 14 år. Særleg er det mange 11-åringar. Om denne utviklinga hadde halde fram, ville me venta å sjå at denne bølga av rekruttar hadde nådd aldersgruppene opp mot 19 år

⁹ Det høge talet på 12-13-åringar i forhold til talet på 8-9-åringar får oss til å mistenkje at rekrutteringa i 96 og eit par år før har vore dårlegare enn tidlegare. Eventuelt kan registreringa av aspirantar framleis vere noko mangelfull i det nye systemet for medlemsregisteret som vart innført frå 1995.

i 2010. Me ser at dette gjeld dei som er 16 år i 2010¹⁰, men elles er det tvert om ein *nedgang* i talet på unge i alderen 13-18 år frå 2005 til 2010. Nedgangen er ikkje så stor, men me skjønar at fråfallet i aldersgruppa har vore sterk. For å illustrere tar me eit rekneeksempel:

I 2000 er det 1029 medlemer fordelt på aldrane 10, 11 og 12 år. i 2005 er det 421 fordelt på aldrane 15, 16 og 17 år. Av dei 1029 er det altså 59 prosent som har slutta fem år seinare¹¹.

I 2005 er det 1521 medlemer i aldrane 10, 11 og 12 år. I 2010 er det 341 medlemer i aldrane 15, 16 og 17 år. Av dei 1521 har altså 78 prosent slutta fem år seinare.

Ein vekst i den femårige fråfallsprosenten frå 59 til 78 prosent må kunne kallast dramatisk. Dramatikken blir kraftig dempa av veksten i rekrutteringa 5 til 10 år tidlegare.


Tabell 6 viser systematisk denne fråfallsprosenten. Me ser at Oslo i perioden 97-00 ligg rundt landsgjennomsnittet. I perioden 02-05 er det lågare. I perioden 07-10 har fråfallet falle ytterlegare for dei eldste aldersgruppene, men for dei fleste gruppene er fråfallet gått opp til å vere høgare enn snittet. For dei kulla som var opptil 18 år i 2010 har fråfallet vore stort, både målt mot tidlegare år mot resten av landet.

I sum har Oslo god rekruttering og god lojalitet mellom dei eldste. Men byen har stort fråfall gjennom størstedelen av tenåra.

¹⁰ Dei som er 16 år i 2010 er 11 år i 2005. Dette er 1994-kullet.

¹¹ Her tek me ikkje høgde for at nokre kan ha byrja å spele i korps etter dei var ti år. Me har berre tal for *nettoendringar*. Dersom fleire nye har kome til, er det eigentleg *endå fleire* av dei 1029 som har slutta.

Buskerud fylke



Figur 10: Aldersfordeling for Buskerud, 1996, 2000, 2005, 2010.


I Figur 10 ser me aldersfordelingane for Buskerud. Buskerud har hatt ein nedgang i medlemstalet i perioden, men ein stor del av denne nedgangen kom frå 1996 til 1997. Etter dette ser me eit hopp i talet på niåringar i 2005, og eit fall i talet på 11-åringar i 2010. 2005 har i det heile ei noko merkeleg aldersfordeling, med toppar av 15-åringar og 17-åringar. Om me ser vekk frå dett året¹² er det ein slags *ro* over aldersfordelinga, med eit svakt fallande medlemstal i perioden.

Om me studerer fråfallet slik det går fram av Tabell 6, ser me heller ingenting dramatisk. Fråfallet i visse aldersintervall har gått ned og opp igjen, men me ser ingen trend i utviklinga.

Fråfallet i fylket ligg rundt landsgjennomsnittet, men me ser at dei hadde ein god periode mellom 2002 og 2005, med særst lågt fråfall.


¹² Jamfør tvilen rundt kvaliteten på tala frå åra kring 2004, sjå avsnitt 4.1.

Østfold fylke



Figur 11: Aldersfordeling for Østfold, 1996, 2000, 2005, 2010.

Østfold er det fylket som tydelegast har ei negativ utvikling i det viktigaste målet: medlemstalet. Ein stor del av nedgangen kom mellom 1996 og 1998, men også i tida etterpå har det gått mest nedover. Me ser av Figur 12 at me frå 2004 til 2005 også har ein sær stor nedgang, men som nemnt i metodekapitlet er me ikkje sikre på at tala for 2004 stemmer.



Figur 12: Årlege endringar i medlemstal, Østfold


Rekrutteringa av dei yngste har falle noko, men fråfallet ser ut til å ha vore noko større i perioden fram mot 2005 enn dei siste fem åra.

Lyspunktet for Østfold er at fråfallet er litt lågare enn det som er gjennomsnittleg for landet, og fråfallet ser ikkje ut til å vere stigande. Det må også nemnast at aldersfordelinga for 1996 ser merkeleg ut. Det ser ut til å vere uvanleg mange i aldersgruppa 13-18 år i forhold til i andre aldersgrupper og i forhold til seinare år.

5.4 Kor lenge er medlemmene medlemmer?

Alle tala over tek utgangspunkt i netto utvikling i medlemstal. Dersom ein person melder seg inn, og ein person i same alder og same fylke melder seg ut, går dette opp i opp, og inga endring er synleg i statistikken.

For å få eit inntrykk av kor lenge det er vanleg å vere medlem i korps, har me fått ut lengda på medlemskapa til alle noverande og tidlegare medlemmer som er fødde i 1990. Det hadde vore interessant å sjå utviklinga over tid, altså mellom fødselskull, men ettersom det noverande medlemsregisteret berre går tilbake til 1995 er dette vanskeleg. For at eit kull skal kunna fylgjast slik må dei vere unge nok til å ha blitt medlemmer etter 1995 og gamle nok til å ha passert 19 år i 2010.



Figur 13: Medlemmer fødde i 1990 fordelt etter kor lenge dei var/har vore medlemmer. Til saman 11 795 medlemskap.

Figur 13 viser medlemmer fødte i 1990, fordelt etter kor lenge dei var/har vore med i korpsforbundet. Merk at desse kan ha starta i korps i ulike aldrar, og fråfallet finn stad på ulike tidspunkt. 18 prosent sluttar fyrste året og 38 prosent fyrste to åra. Denne avskalinga er nok ikkje større enn ein må rekne med. Korps, eller musikk i det heile, passar ikkje for alle. Det kan det ta litt tid å finne ut av.

Etter to-tre års medlemskap, startar avskalinga av folk som i større eller mindre grad faktisk har lært seg å spele. Dette er det fråfallet korpsforbundet ynskjer å redusere. Det er til dømes 2980 (25 prosent) som fell frå etter å ha spelt i korps i mellom fire og åtte år.

6. Spørjeundersøkinga

6.1 Resultat frå undersøkinga

6.1.1 Oversyn

Svar på spørsmålet *Er du framleis med i musikkorps?*

	Totalt	Østfold	Buskerud	Oslo	Bergen
ja	140	21	16	35	68
nei, eg har slutta	48	9	9	20	10
N¹³	188	30	25	55	78

Me ser at utvalet er skeivt på den måten at me har fått mange svar frå Bergen og at dei fleste av desse framleis er medlemmer i korps.

Vidare tek me med nokre tabellar med resultat, før me analyserer desse grundigare etter tema. I fyrste omgang har me berre knappe kommentarar til tabellane. Alle spørsmåla i undersøkinga finn ein i starten av Vedleggsblokk 1. Her kan ein også lese dei opne svara (fritekst) folk har kome med.

6. Kvifor byrja du i musikkorps? (Du kan setje fleire kryss)	Tal
Eg hadde lyst sjølv	143
Foreldra mine ville det	49
Sysken var med, og då ville eg òg	52
Vener var med frå før	34
Eg og ein/fleire vener bestemte oss for å byrje saman	51
Det var einaste musikkopplæringa der eg budde	4
Anna	20
N*¹⁴	187

Lyst er, ikkje overraskande, den viktigaste faktoren for å byrja i korps. Me ser at både foreldre, sysken og vener er viktige.

¹³ N er talet på folk som har svara på spørsmålet.

¹⁴ *N = tal respondentar som har svara på spørsmålet. N* er ulik summen av svar på alternativa, ettersom kvar person kan setja fleire kryss.

7. Korleis hugsar du dei fyrste åra i musikkorps? (Du kan setje fleire kryss)	Tal
Eg blei "barnestjerne" (blei rekna for veldig flink)	30
Eg fekk det bra til	122
Eg streva med det musikalske nivået	8
Det var ikkje så nøye korleis musikken blei	32
Eg hadde lyst til å slutte, men fekk ikkje lov	18
Eg utvikla meg mykje musikalsk	76
Anna	13
N*	188

Når ein les tabellen over, er det verd å hugsar på at mange av dei som *ikkje* fekk det bra til, truleg slutta so tidleg at dei ikkje er med i denne undersøkinga.

8. Kjende du nokon gong eit press for å vere med i korpset?	Tal
Nei, aldri	81
Ja, av og til	84
Ja, ofte	7
Ja, heile tida	3
Veit ikkje	13
N	188

Svara på spørsmål 8 viser at dei som har svara på undersøkinga stort sett ikkje opplevde altfor mykje press. Ein må hugse på at det ikkje er sikkert folk har same oppfatning av kva som er "press" og kva som er "oppmuntring".

9. Kven kom presset frå? (Du kan setje fleire kryss)	Tal
Frå foreldre	65
Frå dirigenten eller andre i korpssleinga	45
Frå vener	15
Frå sysken	4
Anna	11
N*	93

Mellom dei som har svara på spørsmål 8 at dei har opplevd press, har to tredelar opplevd press frå foreldre. Nesten halvparten har (også) opplevd press frå dirigent og korpssleing.

10. Korleis vil du karakterisere instrumentopplæringa du fekk dei fyrste tre åra?	Tal
Særs god	33
God	111
Mindre god	29
Anna	14
N	187

Svara på spørsmål 10 har ikkje oppsiktsvekkjande fordeling. Sjå kommentarane folk har skrive til spørsmålet. (Vedleggsblokk 1)

11. Korleis vil du karakterisere den siste dirigenten du har hatt?	Tal
Særs inspirerende	81
Litt inspirerende	62
Korkje inspirerende eller uinspirerende	13
Litt uinspirerende	11
Særs uinspirerende	12
Anna	9
N	188

Det er ikkje uventa at kvaliteten på dirigentane varierer. Sjå avsnitt 6.1.4 om regionale skilnader og vedleggstabell 4-11.

14. Kva slags rolle har foreldra dine spelt i forhold til musikkorpset? (Du kan setje fleire kryss)	Tal
Dei har støtta på ein positiv måte	166
Dei har ikkje brydd seg så mykje	8
Dei har vore sentrale i den daglege drifta av korpset	94
Dei har pressa på for at eg skulle vere med	31
Anna	6
N*	188

Nesten alle foreldre har *støtta på ein positiv måte*, og så mange som halvparten har vore sentrale i den daglege drifta av korpset.

16. Har du på noko tidspunkt dei siste tre åra vurdert å slutte?	Tal
Nei, aldri	66
Ja, av og til	60
Ja, ofte	9
Ja, heile tida	1
Veit ikkje	4
N	140

Spørsmål 16 gjekk til dei som framleis er med i korps. Det er nesten overraskande få som svarar at dei på eitt eller anna tidspunkt har vurdert å slutta. Dette kan tyde på eit høgt trivselsnivå. Sjølv sagt er det også mogleg at det er dei mest fornøgde som har brydd seg med å svara på undersøkinga, men me har ingen spesiell grunn til å tru det.

6.1.2 Kven sluttar?

Spørsmål 15 i spørjeundersøkinga lyder ”*Er du framleis med i musikkorps?*” Me har krysstabulert dette mot andre spørsmål, altså sett kva dei som har gjeve ulike svar på dette spørsmålet har svara på andre ting.

Vener

Det ser ut til at dei som byrja i korps på grunn av vener, har lettare for å slutte enn dei som byrja av andre grunnar. (Vedleggstabell 15-6)

Meistring

Dei som dei fyrste åra blei rekna for ”*barnestjerne*” er i stor grad framleis med i korps. (Vedleggstabell 15-7) Dei som meiner dei *fekk det bra til* er i middels grad med. Dei som *streva med det musikalske nivået* eller som meiner at *det var ikkje så nøye korleis musikken blei*, er merkeleg nok òg i stor grad framleis med. For dei som ikkje synst det var så nøye, er noko av forklaringa at mange også kryssa på *eg utvikla meg mykje musikalsk*, for i denne gruppa er det også mange som framleis er med. Dette er ikkje tilfelle for dei som *streva*. Snarare verkar det som desse utvikla seg mindre enn gjennomsnittet.

Dei som i størst grad har slutta, er dei som kryssa på ”*eg hadde lyst til å slutte, men fekk ikkje lov*”.

Press

Spørsmål 8 spør ”*Kjende du nokon gong eit press for å vere med i korpset?*” Dei som har svara at dei har blitt utsett for press, er litt overrepresenterte mellom dei som har slutta. Her er det vanskeleg å fastslå årsakssamanheng. Det er kanskje slik at press fører til at folk spelar lenger enn dei elles ville gjort, men at det nettopp er dei som har lyst til å slutte som ”treng” å bli utsette for press.

Oppfylgingsspørsmålet til dei som i større eller mindre grad har vore utsette for press er ”*Kven kom presset frå?*” Her viser tala at dei som har blitt utsette for press frå vener er dei som i størst grad held fram. Press frå foreldre, dirigent og korpsleiing ser ut til å vere mindre verknadsfullt. (Vedleggstabell 15-9)

Dirigenten

Spørsmål 12 og 13 går på dirigenten. Heller ikkje her får me eintydige svar, men nokre tendensar ser me. Dei som i størst grad har blitt verande i korpset ser ut til å vere dei som meiner dirigenten har hatt *for lågt* ambisjonsnivå for korpset. Dette er rimeleg om ein tek omsyn til at desse truleg også er blant dei beste utøvarane/dei som finn seg best til rette i korpset *musikalsk*.

Foreldre

Spørsmål 14 spør kva rolle foreldra har spelt i forhold til musikkorpset. Ingen svaralternativ merkar seg spesielt ut i positiv retning, men dei som har svara at foreldra ”*pressa på for at eg skulle vere med*” svarar i mindre grad enn andre at dei framleis er med i musikkorps. Igjen er det vanskeleg å seie noko om årsakssamanhengen.

Startalder

Dei som har slutta skil seg ikkje frå dei som framleis er med i kor gamle dei var då dei blei med i korps.

6.1.3 Kvifor sluttar musikantane?

Me har prøvd å kartleggje vanlege grunnar til at ungdom vel å slutta i korps. Spørsmål 17, *Kvifor vurderte du å slutte?*, er stilt til dei som framleis er med i korps, men som på spørsmål 16 svarar at dei har vurdert å slutte. Spørsmål 20, *Kvifor valde du å slutte?*, er stilt til dei som faktisk har slutta. Svaralternativa på båe spørsmåla er dei same. Me vil til dels studere desse kvar for seg, dels samla. Frå båe spørsmåla får me eit inntrykk av kva korpsungdomen er mest misnøgde med.

	Framleis med		Har slutta i korps	
	tal	prosent	tal	prosent
På grunn av flytting	4	5,80 %	4	8,30 %
Korpset kolliderte med andre aktivitetar	23	33,30 %	19	39,60 %
Skulen tok for mykje tid	37	53,60 %	11	22,90 %
Lang veg til øving/vanskar med å kome seg til øvingane	7	10,10 %	1	2,10 %
Eg syntest ikkje det var så moro lenger	39	56,50 %	28	58,30 %
Eg fekk ikkje store nok musikalske utfordringar	31	44,90 %	15	31,30 %
Eg syntest ikkje eg var flink nok til å spele/det blei for mykje alvor og prestasjonsjag	6	8,70 %	5	10,40 %
Vener slutta	21	30,40 %	21	43,80 %
Det var så mange slitsame småungar/aspirantar	16	23,20 %	6	12,50 %
Eg likte ikkje dirigenten	15	21,70 %	6	12,50 %
På grunn av styret/leiinga i korpset	10	14,50 %	10	20,80 %
Eg fekk ikkje spela det instrumentet eg ville	1	1,40 %	0	0,00 %
Instrumentundervisninga var for dårleg	8	11,60 %	3	6,30 %
Eg likte ikkje å gå i uniform	5	7,20 %	6	12,50 %
Det blei for dyrt	2	2,90 %	1	2,10 %
Anna	7	10,10 %	6	12,50 %
Tal på respondentar	69		48	
Tal på kryss	232		142	

Tabell 7: Grunnar til å slutte/vurdere å slutte.

I Tabell 7 kan me sjå litt på skilnader og likskapar mellom dei som har slutta og dei som framleis er med. På dette spørsmålet er det mogleg å kryssa av på fleire svaralternativ. Dei som framleis er med har i snitt sett 3,4 kryss, medan dei som ikkje lenger er med i snitt har sett 3,0 kryss. Dette tyder at alle prosenttala i andre talkolonna venteleg er noko høgare enn i fjerde talkolonna.

Det vanlegaste svaret i båe kategoriane er ”eg syntest ikkje det var så moro lenger”. Svara fordeler seg jamt mellom dei to gruppene.

Dinest ser me at ”*Skulen tok for mykje tid*” er eit sær sars vanleg svar mellom dei som framleis er med i korps. Det er langt færre av dei som faktisk *har* slutta, som kryssar på dette. Me kan tolka dette til at for mange ungdomar kjem korpset i skvis ettersom dei byrjar bruka meir tid på skulearbeid, men dei færraste sluttar på grunn av dette.

Andre svaralternativ som i større eller mindre grad fylgjer same mønster som over, er ”*eg fekk ikkje store nok musikalske utfordringar*”, ”*lang veg til øving/vanskar med å kome seg til øvingane*”, ”*Det var så mange slitsame småungar/aspirantar*”, ”*Eg likte ikkje dirigenten*” og ”*Instrumentundervisninga var for dårleg*”.

Svaralternativet ”*vener slutta*” viser motsett mønster. Dette alternativet er vanlegast mellom dei som faktisk har slutta. Av dei som har slutta, kryssar 44 prosent på dette svaralternativet, mot 30 prosent av dei som framleis er med. Kva avgjerder vener tek ser altså ut til å sær viktig for eiga avgjerd om å slutta. Her bør me kanskje ta det atterhaldet at når folk har slutta i korps, vil dei i ettertid føle for å finne årsaker til fråfallet utanfor seg sjølv. Kanskje er dette med vener eit lettare svar å gje enn andre.

To av alternativa over er målestavar på problema med slike *heilskaplege kollektiv* som musikkorpsa er. Det eine går på uniform. Me ser at dette for nokre er ein medverkande grunn til å slutte, men det er mange grunnar som er viktigare for dei fleste. Skal me tru denne undersøkinga, er ikkje uniformering eit stort problem.

Det andre punktet er *eg fekk ikkje spele det instrumentet eg ville*. Dette går på sjølv den kollektive naturen ved korps, rockeband og fotballag. Alle kan ikkje gjere det ein vil. Ein må finne, eller få tildelt, sin plass i heilskapen. Stundom finn ein seg til rette i den plassen ein får, men andre gonger blir ein kanskje misnøgd.

Me ser at berre ein einaste av 117 personar har kryssa av på dette alternativet. Dette er til og med ein person som *ikkje* har slutta.

Vidare vil me *krysstabulera* svara over mot svara på andre spørsmål.

Kjønn

Me byrjar med skilnaden på gitar og jenter. Jamt over svarar gitar og jenter ganske likt, men på nokre punkt er det viktige skilnader¹⁵.

Mellom dei som berre har *vurdert* å slutte, er det 44 prosent av jentene (20 av 46) som hevdar at *corpset kolliderte med andre aktivitetar*. Dette er berre tilfelle for 11 prosent av gutane (2 av 19). Merkeleg nok er dette snudd om når me ser på dei som faktisk *har* slutta. 31 prosent av jentene (9 av 29) hevdar då det same, mot 50 prosent av gutane (9 av 18). Altså ser det ut til at jenter i størst grad opplever tidspress og at andre ting kjem i vegen for corpset. Men dei held ut likevel. Gitar ser i større grad ut til å slutte når ting kjem i vegen. Dette har parallellar innanfor idretten, jamfør Kapittel 2.

Mellom dei som faktisk *har* slutta, er gutane sterkast representert på svaralternativet *eg fekk ikkje store nok musikalske utfordringar*. Jentene er i bådø kategoriane dei som i *størst* grad meiner dei slutta/vurderte å slutte (mellom anna) *på grunn av styret/leiinga i corpset* (totalt 15 av 75 jenter mot 5 av 37 gitar), og i *minst* grad av di *det var så mange slitsame småungar/aspirantar* (totalt 12 av 75 jenter, 8 av 37 gitar).

Alder då ein starta i korps

Det neste spørsmålet me krysstabulerer mot, er spørsmålet om *kor mange år fylte du det året du byrja i musikkorps?* Dei fleste var frå sju til ni år då dei byrja, så for høgare alder blir resultatata veldig tilfeldige. Einskildpersonar gjev for stort utslag. Me ser difor mest på dei yngste.

Det er berre dei som byrja som 7- eller 8-åringar som slutta/vurderte å slutta *på grunn av flytting*.

Det er elles ein ganske tydeleg tendens til at dei som byrja i korps tidleg kryssar på *instrumentundervisninga var for dårleg*, medan dei som byrja seint kryssar på *eg*

¹⁵ På spørsmål 17 har jenter i snitt sett 3,6 kryss, medan gitar i snitt berre har sett 2,9 kryss. I snitt vil kvart svaralternativ difor ha høgare prosentvis oppslutning mellom jenter enn mellom gitar. På spørsmål 20 er det omvendt: jenter har sett 2,7 kryss, gitar 3,1 kryss. Sjå vedleggstabell 2-17/20 for detaljar.

syntest ikkje eg var flink nok til å spele. Me ville venta at alternativet eg fekk ikkje store nok musikalske utfordringar også passa inn i dette mønsteret, men her ser me ingen tendens til at alder spelar inn.

6.1.4 Regionale skilnader

Spørsmål 19: *Kor lenge var du med i korpset?*

Tal på svar	Østfold	Buskerud	Oslo	Bergen
Mindre enn 2 år	2	0	2	0
2-3 år	2	0	1	0
3-4 år	6	1	2	2
4-6 år	9	0	5	2
6-10 år	23	6	9	5
Meir enn 10 år	6	2	1	1
N	48	9	20	10

Prosentvis fordeling innanfor kvar region:

Prosent av svar i region	Østfold	Buskerud	Oslo	Bergen
Mindre enn 2 år	4	0	10	0
2-3 år	4	0	5	0
3-4 år	13	11	10	20
4-6 år	19	0	25	20
6-10 år	48	67	45	50
Meir enn 10 år	13	22	5	10

Tabell 8: Regionale skilnader på kor lenge ein var med i korps. Tal og prosent.

Ettersom talet på svar er såpass lågt, er det vanskeleg å konkludere. Det kan sjå ut til at medlemmer frå Østfold, i det minste dei som har svara på undersøkinga, i snitt er medlemmer lenger enn dei i andre regionar. Dette stemmer med fråfallsanalysen i kapittel 5.

Kvifor byrja du?

Spørsmål 6 i undersøkinga er: *Kvifor byrja du i musikkorps? (Du kan setje fleire kryss)*

76 prosent kryssar på *Eg hadde lyst sjølv*. Dette er ikkje heilt jamt fordelt. I Buskerud er det 92 prosent, i Oslo 82 prosent, i Bergen 77 prosent og i Østfold berre 53 prosent som kryssar på dette¹⁶.

Foreldra mine ville det er over snittet populært i Buskerud, *Vener var med frå før* er vanleg i Østfold men uvanleg i Bergen. *Eg og ein/fleire vener bestemte oss for å byrja saman* er overrepresentert i Oslo, men lite vanleg i Østfold.

Instrumentopplæring

Spørsmål 10 bed om ein karakteristikk av instrumentopplæringa dei fyrste tre åra. Her er det ingen klare skilnader. Alle fordeler seg nokolunde jamt rundt snittet, som er 18 prosent *særs god*, 59 prosent *god*, 16 prosent *mindre god* og 7 prosent *anna*.

Dirigenten

Spørsmåla 11-13 går på dirigenten. Det kan sjå ut til at dirigentane i Østfold og Buskerud er noko meir inspirerande enn i Oslo og Bergen, men skilnadene er ikkje altfor store. (Vedleggstabell 4-11) Det er også verd å merke seg at i Bergen svarar 7 av 78 (9 prosent) at dirigenten var *særs uinspirerande*. I Oslo gjer 4 av 55 (7 prosent) det same. I Østfold er det 1 av 30 (3 prosent) og i Buskerud ingen (av 25).

Når det gjeld ambisjonsnivået til dirigenten, er det i Oslo mange som meiner dette er for lågt i forhold til korpset (16 prosent) medan det i Buskerud berre er ein (4 prosent). Når det gjeld ambisjonsnivået til dirigenten samanlikna med *personlege* ambisjonar, ser det ut til at dette klaffar best i Bergen og dårlegast i Oslo.

¹⁶ Sjå vedleggstabell 4-6

Vurdert å slutte?

Dei som svara at dei framleis er med i korps fekk spørsmålet ”*Har du på noko tidspunkt dei siste tre åra vurdert å slutte?*”. Svara fordeler seg slik:

	Totalt	Østfold	Buskerud	Oslo	Bergen
Nei, aldri	66	8	8	14	36
Ja, av og til	60	10	7	18	25
Ja, ofte	9	2	1	3	3
Ja, heile tida	1	1	0	0	0
Veit ikkje	4	0	0	0	4
N	140	21	16	35	68

Prosentfordeling innanfor region:

	Totalt	Østfold	Buskerud	Oslo	Bergen
Nei, aldri	47	38	50	40	53
Ja, av og til	43	48	44	51	37
Ja, ofte	6	10	6	9	4
Ja, heile tida	1	5	0	0	0
Veit ikkje	3	0	0	0	6

Tabell 9: Svar fordelt på region og kor ofte ein har vurdert å slutta. Tal og prosent.

I Bergen er det flest som *aldri* har vurdert å slutte, med 53 prosent. Buskerud fylgjer etter med 50 prosent. I Oslo 40 prosent og i Østfold 38 prosent. Dei fleste som ikkje svarar *aldri* svarar ”*ja, av og til*”. Berre ti personar til saman svarar ofte eller *heile tida*.

Kvifor slutta du/vurderte du å slutte?

Spørsmål 17 går til dei som framleis er med, men som har vurdert å slutte: ”*Kvifor vurderte du å slutte?*” Spørsmål 20 er om lag likelydande, men går til dei som faktisk *har* slutta: ”*Kvifor valde du å slutte?*”. Her får me svar som er interessante. (Vedleggstabell 4-17 og Vedleggstabell 4-20)

Bergen utmerkar seg med få som kryssar på at ”*vener slutta*”. Mellom dei som berre har *vurdert* å slutte, er det dessutan få som har kryssa på ”*skulen tok for mykje tid*”. I andre retninga er det helst i *Bergen* medlemmene synst det var vanskeleg å kome seg på øving og at dei ikkje har fått store nok musikalske utfordringar. Det er også relativt mange som kryssar på at dei ikkje likte dirigenten.

Oslo utmerkar seg med få som meiner korpset kolliderte med andre aktivitetar. Byen er overrepresentert mellom dei som meiner ”*skulen tok for mykje tid*”. Mellom dei som berre har *vurdert å slutte* er det dessutan relativt mange som meiner dei ikkje fekk *store nok musikalske utfordringar*. Dette er ikkje tilfelle for dei som faktisk *har slutta*. Det er i Oslo ein svak overrepresentasjon av folk ikkje likte dirigenten og som synst det blei for mange småungar.

Buskerud har få som peikar på at dei ikkje fekk *store nok musikalske utfordringar*, og at det var *mange slitsame småungar/aspirantar*. Derimot er det mange som har opplevd at *korpset kolliderte med andre aktivitetar*. Også at *skulen tok for mykje tid* er ei vanleg forklaring mellom dei som berre har *vurdert å slutte*.

Østfold er det einaste fylket der ingen har kryssa på at dei mislikte dirigenten. Det kanskje mest markante for *Østfold* er likevel at mange vurderer å slutta av di *vener har slutta*. Medan det i tilfellet *Bergen* berre er 5 av 27 som har kryssa på dette alternativet, er det i *Østfold* 6 av 13.

6.2 Delkonklusjonar

Spørjeundersøkinga har gjeve oss ein del interessante resultat. Diverre var deltakinga litt låg, slik at mange tal er for usikre til å leggja noko vekt på.

Både engasjerte foreldre og sysken og vener i korps er viktige for at born sjølv skal byrje i korps. Foreldre og vener er dessutan viktige for at ungdom ikkje skal slutte. Me merkar oss at foreldre ikkje berre er viktige pådrivarar for innmelding, men også at dei fleste stør opp om aktiviteten på ein positiv måte. Sær mange foreldra er på eit tidspunkt aktive drivkrefter. Når ungdom vurderer å slutte, ser det ut til at press frå vener om å forsetje, er meir effektivt enn press frå korpsleing og foreldre. Dei fleste er nøgde med dirigenten sin, men ein del er også sær misnøgde. Her er det geografiske skilnader.

Som kollektiv kan eit korps aldri tilby den fleksibiliteten som soloinstrument eller andre individuelle aktivitetar kan. Ein er nøydd til å finne sin plass. Det einaste potensielt uløselege problemet er at ikkje alle kan spele det dei vil. Heldigvis er det berre ein einaste av 117 personar som har rapportert at dette har vore eit problem. Det ser ut til at musikantane finn seg til rette i den rolla dei vel eller blir plasserte i,

men me må ta det atterhaldet at dei som ikkje likar instrumentet dei blir plassert på, kanskje sluttar så tidleg at dei ikkje blir fanga opp her.

Uniform ser ikkje ut til å vera eit stort problem, men dette kan nok variera mykje frå korps til korps og med alder. Me har ikkje stilt spørsmål som går i motsett retning – om uniforma er ein attraksjon ved korpset. Det kan ikkje utelukkast at dette er noko i det minste dei yngste finn attraktivt.

Ei anna utfordring ved kollektive aktivitetar, og dette gjeld i særleg grad musikkorps, er at musikantane er på ulikt nivå, og har vanskar med å finne seg til rette saman. Det er sær mange som ikkje synst dei får store nok utfordringar. Det er også ein del som synst det var for mange "*slitsame småungar/aspirantar*". I undersøkinga vår er det få som synst dei ikkje var flinke nok, men det er ikkje rart. Dei som ikkje er flinke nok sluttar nok i hovudsak *før* dei kjem inn i aldersgruppa undersøkinga dekkjer. Dette tyder på at korpsa i større grad bør syta for individuell tilrettelegging, men dette er sjølvsagt eit spørsmål om ressursar. Samarbeid mellom fleire korps der ein til tider deler inn etter alder i staden for geografi, kan sikkert stimulere fleire til å vera med lenger.

Mellom dei som har svara på spørsmål 8 at dei har opplevd press, har to tredelar opplevd press frå foreldre. Nesten halvparten har (også) opplevd press frå dirigent og korpsleiing. Å utøve *press* på dei unge bør ikkje vere ansvaret til korpsleiinga. Dei har ikkje noko med å styre fritidsaktivitetane til borna. Dirigent og korpsleiing må trø varsamt, og passa på å oppmuntra på ein positiv måte, snarare enn å skapa dårleg samvit hjå musikantar som vil slutte.

7. Kvalitative data og analysar

NOVA sin rapport om ungdomsvarar frå 2004 (Krange og Strandbu 2004), teiknar eit på mange måtar dystert bilete av medlemstala i diverse foreiningar og organisasjonar knytt til fritidsaktivitet for ungdom. Undersøkinga slår fast at korps er ein aktivitet som, til liks med dei fleste andre organiserte aktivitetar, går tilbake. Tilbakegangen er noko sterkare for korps enn for mange andre aktivitetar, som til dømes idrettslag. Undersøkinga finn at i 1992 var 15,8 prosent av ungdommane med i musikkorps, kor eller orkester, mot 9,1 prosent i 2002.

Talmaterialet presentert i kap. 5 tyder på at den negative utviklinga for musikkorpsa truleg heldt fram, sjølv om ein kan spore ei utflating over dei siste åra (litt avhengig av kva mål ein legg vekt på: medlemstal, rekruttering, fråfall).

I dei kvalitative intervjuja hadde me hovudsakleg to målsetningar: å gå djupare inn i kva som gjer at somme sluttar i skulekorpsa (eller korps generelt) i ungdomstida, alternativt kva som gjer at dei blir verande. I tillegg ville me ha konkrete råd frå ungdommane om kva som kan gjere det enda meir attraktivt å bli i korpsa heile løpet ut. Det kjendest slik naturleg å fylle ut data og funn frå surveyundersøkinga med personlege intervju (sjølv per telefon blir dei langt meir personlege enn ei spørjeundersøking). Det personlege intervjuet er genuint eigna for å nå fram til ein informant sine personlege erfaringar, synspunkt og forestillingar (Ryen 2002), og er svært mykje bruka som datakjelde i samfunnsvitskapleg forskning på sosiale strukturar og samanhengar. Kombinasjonen av generelle data og personlege historier gjev dessutan liv til det empiriske materialet og kanskje det mest komplette biletet av ein situasjon.

I løpet av intervjuja utkrystalliserte det seg nokre hovudkategoriar av synspunkt på årsaka til fråfall frå (skule)korps. Samtalane avdekkja dessutan at ein truleg kan operere med nokre kritiske fasar med omsyn til alder, der ”faren” for fråfall er særleg stor. To problemstillingar alle var innom i ei eller annan form, var 1) forholdet mellom eiga og kollektivet si musikalske utvikling (og nivå) og 2) forholdet mellom korpset og andre aktivitetar, særleg skulearbeid men også andre fritidsaktivitetar.

Ved gjennomgangen av opptaka i etterkant av intervju, oppdaga me at desse utsegnene utan unntak kom uoppfordra, dvs. utan å vere svar på eit direkte spørsmål. Dette gjer at me festar lit til at dei i ein eller annan form står sentralt for mange i vår målgruppe. Fleire av informantane fortel om ytterlegare to viktige årsaker til fråfall, 3) rolla vener speler for korleis dei ser/såg på utsiktene til å vere med i korpset vidare og 4) den sosiale statusen dei opplever musikkorps har blant jamaldringar (eller samfunnet forøvrig).

Me har på bakgrunn av dette vald å la ei slik kategorisering vere utgangspunktet for strukturen i dette kapittelet. Andre interessante og viktige synspunkt som kom fram i løpet av intervju er forsøkt fletta inn, slik at det heile utgjer ein samla og konsistent framstilling.

7.1 Kritiske fasar

Med utgangspunkt i både statistikk, spørjeundersøkinga og kva informantane fortel, verkar det som om ein i løpet av ei korpskarriere går gjennom opptil fleire kritiske fasar, med tanke på fråfall. Som ein veit frå både idrettsforskning og forskning på andre fritidsaktivitetar, vil det vere stor avskaling til å byrje med.

Mange av informantane fortel at dei byrja i sju-åtteårsalderen for så å halde på til den fyrste kritiske fasen i sjuande klasse. Dette er naturleg, då dei me intervjuar alle var registrert i NMF og dessutan over 16 år. Me har m.a.o. ikkje intervjuar informantar som slutta i den aller fyrste kritiske fasen, frå eitt til to år etter dei byrja. I sjuande verkar det imidlertid som om dei byrjar å bli medvite særleg *to* faktorar, dels korleis det generelle musikalske nivået i korpset utviklar seg i forhold til eiga musisering, og dels kva andre jamaldringar meiner om korps og korpsmusikk.

Fleire av informantane fortel at presset mot framhald i korpset aukar frå 7. til 8-9. klasse. Neste kritiske fase er i samband med slutten på vidaregåande, der skulearbeidsmengda og eksamenspress blir større. I tillegg veit me at mange sluttar etter berre eitt til to år, altså som rekruttar/aspirantar. Sjølv om me kan anta at eldre korpsmedlemmer er meir verdifulle (m.a. vanskelegare å erstatte) for korpset jo lenger fartstid dei har (Handegard 2007), vil alle desse tre fasane vere verdige eit ekstra fokus med tanke på førebyggjande tiltak.

7.2 Korps som musikalsk og sosial arena

7.2.1 Rom for individualitet?

Fleire av informantane fortel om manglande arenaer for både individuell læring (av nytt materiale) og utøving (få synt seg fram/få synt talentet sitt). Frå idrettsforskninga veit ein kor viktig særleg den siste faktoren er (Gould 1987). Forskinga frå idrettsfeltet syner dessutan at det verkar vere mindre fråfallsprosent frå individuelle greiner enn frå lagidrettar (Seippel 2006). Kanskje finn ein ein parallell her; kanskje er motivasjonen ved det å tilegne seg individuell kompetanse, for så å få prestere/spele ut dette på ein eigna arena, ein meir effektiv faktor enn det å vere med på eit lag. I så fall ville ein som team- eller lagaktivitet ha nytte av tiltak som i større grad gav høve til slike ”solo”-prestasjonar og kompetanse.

Det er ikkje tvil om at dirigenten og korpsleiinga er viktige *signifikante andre* i denne samanhengen. Opplevinga av at dirigenten ser ”*den einskilde musikanten*” og ikkje berre ”*ei stor masse*”, som ein informant uttalar det, verkar svært viktig og stiller krav til denne rolla. Dei som har negative erfaringar med dette, fortel om dirigentar med lang fartstid i korpset, som til ein viss grad har gått lei, eller som ikkje har meir å tilføre.

Utan høve til å kunne syne fram framgang og fagleg nivå, ebbar den personlege motivasjonen lett ut. Me trur dette blir forsterka gjennom ei kjensle av at også det kollektive nivået svekkast. Ein av informantane set ord på dette:

Det er veldig viktig å ha eit tilbod som heile tida vil gje deg nye utfordringar, for det er ikkje noko gøy viss du berre heile tida sit der og irriterar deg over alle dei yngre som kjem og trekkjer nivået ned, når du eh... drar ifrå, heldt eg på å si... Og viss korpset har velvilje til at du får gjere nye ting, så vil også du ha velvilje til å bidra seinare.

Ein stor del av informantane som me intervjuar, og som slutta, fortel variantar av same historia: Skulekorpset gav ikkje tilstrekkeleg rom for musikalsk utvikling og individuelle ferdigheiter. Det individuelle ambisjonsnivået fann ikkje gjenklang i korpskollektivet. Særleg er det mange som hevdar at det musikalske nivået ”fall” med nyrekruttering av medlemmer. Ein informant fortel:

Kvart år så sank jo nivået når det kom inn nye små, sant. Og det gjekk liksom aldri framover ... Fokuset var hele tida på dei små, og heller få dei til å henge med, enn å få... at de som var litt eldre fekk ein utfordring dei og, slik at dei fekk noko ut av å sitje der å spele.

Ein annan seier det slik:

Alle må bli prioritert, ikkje berre dei minste blir prioritert, fordi dei er minst. Og at dei [korpsleiinga]tenkjer at: ”det er ikkje så farleg med dei, for dei er så vaksne. At dei klarar seg sjølv. At dei er berre med å spelar, dei er flinke uansett”.

Ein tredje meiner skulekorpsa må: ”Legge litt meir opp til de eldre i korpset, og ikkje berre til dei yngre. For eg føler at dei ofte prioriterar å få nye medlemmer inn i korpset i staden for å prøve å halde på dei som alt er der”.

Ein tidlegare leiar som over fleire år opplevde tre dirigentar, hugsar spesielt ein godt. Grunnen til dette var at denne eine fokuserte meir på framdrift og å halde nivået på repertoar og framføring oppe enn å ”skulle få alle med”. Dette gav eit overraskande godt resultat. Hovudgrunnen til dette var at dei eldste likte utfordringa svært godt samstundes med at yngste over tid klarte å strekke seg – å meistre etter kvart...:

Andre dirigentar var meir moderate og gjekk ned på ambisjonsnivået i oppstartsfasa når det var opprykk da, og prøvde å nå fleire. Men det var med blanda hell da, for det var faktisk under det strenge regimet at ein gjorde det bra i ulike meisterskap og NM. Men da ein la seg på ei mildare linje, så sank nok nivået, eigentleg. Men dette handlar om repertoar og korleis dirigenten klarar å få med seg den einskilde musikanten. For det er ikkje tvil om at somme dirigentar ser berre ei stor masse, mens andre ser den einskilde musikant. Og det gir bra resultat altså. Det kan vere vanskeleg for dei som skal rykke opp, men som regel så ser ein at dette gjev resultat, at dei tilpassar seg og at det gjev motovasjon og at ein får god respons på å meistre etter kvart...

I spørjeundersøkinga spurde me korleis respondentane hugsar dei fyrste åra i musikkorpset (kap. 6.1.1). 122 av 188 respondentar hugsar at dei fekk det bra til musikalsk. Dette tyder på at det er eit potensial for å skjerpe krava til å ”henge på” musikalsk, altså å leggje opp til eit meir ambisiøst musikalsk program. Eller for å snu problemstillinga, det er ikkje sikkert ein treng å vere så redd for å heve det mu-

sikalske ambisjonsnivået, i frykt for å misse rekruttar. Intervjumaterialet peikar mot at det å halde oppe det musikalske nivået er viktigare for korpsungdommane jo eldre dei blir. Det kan dessutan verke som om skulekorpsa ville ha ein del å tene på å arbeide for å oppfylle deira ynskje. Den tidlegare leiaren fortel:

Aspirantkorpset hadde med soloprestasjonar ganske tidleg etter at dei byrja med musikk. Og det gjorde at dei på ein måte fekk framstå som... eller det ga eigentleg bra resultat på framdrifta da. Og så blei det mindre av det etter kvart som dei kom med i hovudkorpset, og ein kan kanskje si at det hadde vore lurt å tatt med dei beste til å ha meir slike solonummer og slikt, men... det var ikkje så mykje av det då eg var aktiv der i alle fall.

Det å satse på kvalitet på utøvinga kan vere strategisk viktig også av ein annan grunn. I Respons (2009) si undersøking av korps sitt omdømme blant ungdom og foreldre (referert i kap. 3.3), vurderer ungdom det å meistre et instrument som ein særskilt viktig kvalitet. Over 65 % seier her at meistarar ein eit instrument, så kan ein noko andre ikkje kan, noko som i alle fall me tolkar å implisere noko svært positivt. Det er slik truleg at det å vere god på instrumentet i nokon grad kan vere med å demme opp for andre haldningar med motsett forteikn, det at det er flaut eller ”ukult” å vere med i korps.

Fleire nemner individuelle speletimar, solistroller og deltaking i vaksenkorps eller storband, der individuell dugleik blir verdsett, som viktige faktorar for generell trivsel, men også for å bli verande i skulekorpset. Eit anna tiltak som blir trekt fram, er satsing på individuell instrumentundervisning. Dette tilbodet verkar vere svært kjærkome for informantane.

Det er likevel ingen tvil om at dette er ein stor utfordring for korpset, dirigenten og leiinga. Å både ivareta nye og eldre medlemmer er nok lettare sagt enn gjort. Mange skulekorps har fokus på dette, noko som gjer at fleire fortel om gode opplevingar gjennom heile skulekorpskarrieren (Handegard 2007). Det at så mange likevel fortel liknande historier knytt til denne problematikken, gjev grunn til å understreke at det kan vere eit uutnytta potensial for forbetring her. Ein informant gjev dette rådet:

Altså, å tenke veldig individuelt på å gje kvar einskild utfordringar på sitt nivå. Sånn at dei ikkje sit der å føler at dei ikkje får ting til, ikkje sånn at det er uoverkommeleg, men absolutt ikkje heller sånn at det ikkje er utfordring i

det dei held på med, for det at då blir det kjedeleg, og då blir ein ikkje motivert og da smittar det over på dei andre i korpset, og da blir det ein sånn negativ haldning eller spiral. Det var vel det som skjedde i det korpset eg var i da.

I den grad resursmangel, både i form av økonomi og personalresursar er ei utfordring, kan ei løysing vere at fleire korps i regionen eller fylket samarbeider. Fleire slike samarbeidsprosjekt verkar alt å vere i gang, men i følgje ein informant kan det vere meir å hente. Han seier: ”Få til samarbeid korpsa imellom. Eg føler at det er veldig kriging dei imellom og rekruttering til seg, i staden for å få til samarbeidsprosjekt, som gjer at du kan knyte kontaktar og få eit mykje større musikkmiljø”. Dersom dette stemmer, har kanskje konkurransementaliteten frå NM blitt for dominerande også resten av året.

I det daglege arbeidet med korpset er sjølvsgatt dirigenten svært viktig. Handegard (2007) skriv:

Dirigenten er i realiteten den mest sentrale personen. Det er han som har mest kontakt med medlemmene og mye av aktivitetene er basert på hennes/hans faglige vurderinger. Dirigenten innehar en fagkunnskap som gjør stillingen unik, derfor avhenger også mye av korpsets suksess av dirigenten.

Hans/hennes evne til å håndtere musikerne, pedagogiske evner, evnen til gjøre musikken interessant og miljøet godt er viktige kriterier for om det går bra eller ikke (s. 26).

Dette synet på dirigentrolla blir i store trekk delt av våre informantar. Fleire fortel at han eller ho var ein direkte faktor for både musikalsk framgang og for trivsel.

7.2.2 Korps som kollektiv

Det er vel neppe nokon kulturell aktivitet som i større grad enn musikkorps representerer tanken om det kollektive. Både musikalsk og kulturelt står dette sterkt. Musikalsk i form av samspelet, der ulike instrumentgrupper saman skaper eit melodisk, rytmisk og klangleg uttrykk; Kulturelt i form av lange røter attende til dels ein militær tradisjon, dels ein politisk (arbeidarrørsle-) tradisjon (Lehmann 2002). Likevel ser ein at tanken om kollektivet, der alle drar i same retning, i dag blir utfordra. Mange av informantane set eigen utvikling like høgt eller høgare en det kol-

lektive samspelet. Handegard (2007) gjev tanken om det kollektive empirisk liv, gjennom forteljinga om Kristin:

Likevel kommer Kristin på hver øving, hun liker å spille, hun spiller basstrombone og det er egentlig ganske kjekt. Men best liker hun å spille marsjer på tenortrombone, der er det så mange flotte melodilinjer i trombonestemmen. Likevel må hun spille basstrombone, hun er den eldste i trombonegruppen og må derfor spille det fysisk største instrumentet. Kombinasjon med at hun liker å spille, å reise på korpstur samt at dette er en familietradisjon gjør at Kristin møter på alle aktiviteter. Det hjelper også på trivselen at hun har satt en tidsfrist for hvor lenge hun skal drive med dette (s. 50).

Her høyrer me om eit korpsmedlem som ”ofrar” seg for musikkorpset, og spelar eit anna instrument enn ho eigentleg ynskjer. Det kan nesten verke som at det å skulle inngå i ei større eining, er prisen ho betaler for det som er gøy (speling, turar, halde oppe tradisjonen...). Så lenge denne situasjonen er tidsavgrensa, går det. Dette verkar i følgje våre informantar og respondentar ikkje uvanleg. Det er likevel truleg ikkje eit optimalt utgangspunkt for korpsdrift. Handegard (Ibid.) meiner korpsanden og kollektivkjensla finst som før, og at dette er svært positivt for musikkorpsa. Sjølv om me er heilt einige i Handegard si vurdering av den positive rolla kollektivet spelar, meiner me det er grunn til å vere kritisk til om den er like levande som før.

Fleire informantar med høge musikalske ambisjonar fortel om skulekorpset som ein arena meir for rekruttering enn musikalsk utfolding. Dei beste opplever slik det kollektive som plikt og eit ork. Dette er ein viktig utfordring for musikkorpsa, det å spele saman blir jo gjerne vanlegvis oppfatta som noko ekstra gøy, utover det å spele åleine. Den heilt spesielle ”bandkjensla” er nok det som gjer at mange i det heile spelar. Då kan det vere alvorleg at det motsette skjer. Ein informant seier det slik: ”Skulekorpset var berre plikt, for å gje noko tilbake. ... Jo meir ein spelar i korps med eit høgare nivå, jo mindre gøy var det å spele i skulekorps”. Den same informanten opplevde dessutan, som fleire andre me intervjuar, at korpsleinga prioriterte dei ned etter som dei blei flinkare og meir musikalsk ”sjølvgåande”:

Etter kvart som eg blei flinkare, slutta korpset å leige inn instruktør til seminara, og nytta i staden meg til instruktør, og da blei det enda mindre input til meg da, og enda mindre grunn til å halde fram i skulekorpset. ... Eg har alltid elska å spele, det er bare det at alt som har hatt med skulekorps å gjere

har berre vore ei plikt, og ikkje noko eg nokon gong har gledd meg til å gjere...

Denne sterke utsegna fangar eit viktig dilemma og utfordring for skulekorpsa i forhold til dei viktige ungdomsmedlemmene sine. Ein må ikkje gløyme at også dei treng oppfølging og input i ein kvardag prega av rekruttering og arbeid for å fylle eventuelt ledige instrumentposisjonar. Dei me har intervjuet, som dette gjeldt, har mange like erfaringar; både individuelle og kollektive musikalske utfordringar er etterspurd. Det at repertoaret, og ikkje sjeldan det musikalske nivået, meir er tilpassa juniorane (dei nyrekrutterte) enn seniorane, gjer det kjedeleg for dei som etter kvart meistrar sitt instrument.

I tillegg kan det for somme opplevast som eit tungt ansvar og (urettvist) press å skulle halde skulekorpset i gang. Ein informant fortel om dette:

Eg var ein av dei eldste, og det var gøy ei stund, men til slutt så var ein berre eit sånt idol som eh... fekk vite at om du slutta så slutta fleir av dei små og sånn, og får ein litt sånn press. Som eg då syns blei litt ubehageleg. Eg følte det blei press på at eg ikkje kunne slutte av di då ville andre slutte, i staden for kva eg ville sjølv. Så da, til slutt så sa eg berre dei får gjere kva dei vil, eg har ikkje lyst til å spele lenger.

Dette står kanskje noko i kontrast til kva Handegard hevdar:

I skulekorpset er medlemmene en privilegert gruppe som opplever at mange voksne gjør en stor jobb for at de skal få utøve sin hobby. Til gjengjeld kreves at utøverne gjør sin del av jobben som er å møte opp og ta aktiv del i øving og aktiviteter på en slik måte at korpset fungerer (2007: 25).

7.3 Korps som sosial arena

Sosial omgang med likesinna er viktig. I musikkorpsrørsla der mange musikkorps er små, eller med svært sprett alderssamansetning, vil det vere viktig for tenåringsmedlemmene å kunne relatere seg til andre i same situasjon. Mange respondentar i spørjeundersøkinga kryssar av for kor viktig vener er i denne samanhengen. Spørjeundersøkinga viser dessutan at press frå vener om å halde fram, er den absolutt mest verknadsfulle måten å sikre framhald, noko som i sin tur demmer opp for breitt, kollektivt fråfall. I motsett fall, er ein inne i ein negativ spiral: Forsvinn ve-

ner, er ofte vegen ut av korpset kort. Desto viktigare er det å treffe andre i same situasjon. Ein av dei me intervjuja fortel:

Ja, i eit skulekorps, særleg ettersom ein blir eldre, så blir det ganske små forhold da, og det er mange små og... spesielt i små skulekorps så blir det få som er eldre og mange som er små, ikkje sant... Så då har det hatt veldig stor tyding å dra på litt større konkurransar, spesielt NM da kanskje, der du treffer andre som er like gamle som deg og... så det ikkje blir eit sånn lite lukka miljø. Så du får auga opp for kor stort miljøet er og kor mange andre på din alder som driver med dette.

Ein informant trekkjer fram NMF sine krets- og sommarkurs som særskild viktige både musikalsk og sosialt:

Kretskurs og sommarkurs er veldig viktig der altså. For da får du både prøvd nye ting, både repertoarmessig, sjangermessig, alt mogleg rart, og du møter mange likesinna folk. Så det er eigentleg mykje av grunnen til at eg fortsette såpass lenge som eg gjorde. Pga. det sosiale. Det blei eigentleg meir sosialt enn musikalsk mot slutten.

Ein tredje svarar, når me ber om råd om kva som skal til for å halde på ungdommen, nettopp korpsturar til konkurransar o.l., for: ”der ein blir kjende med folk frå andre korps. Det er bra. Sosialt, bli kjent med andre... At ein har det gøy på samlingar, sånne ting... det er kanskje det beste rådet eg har...”.

Ein annan informant held fram kor viktig det er med gode førebilete:

For viss du spelar fotball, ikkje sant, altså alle har høyrte om Brann og alle dei gode laga, ikkje sant, sjølv om du er liten og spelar fotball... Eg hadde ikkje høyrte om nokon av dei bra brassbanda før eg faktisk begynte i eit sjølv. Og det er litt bakvendt eigentleg... Førebilete er veldig viktig... Eg var jo 16-17 før eg fant ut av dette... så det å sjå at det er eit høgare nivå, at du har noko å strekkje deg etter, trur eg er veldig viktig.

Her kan det vere noko å hente. Ein ser frå andre musikksjangrar kor mykje det har å si at ein har klare idol å sjå opp til: Annbjørg Lien revolusjonerte nærast folke-musikksjangeren, deLillos fekk norske rockeband til å synge på norsk osv. Kanskje kunne korpsrørsla bli endå betre på å synleggjere kva for ei fantastisk musikalsk grunnopplæring dei driv, og kor dei hamnar alle profesjonelle musikarar med korpsbakgrunn. Finst det i det heile ein norsk jazzmusikar utan ei fortid i korps?

7.4 Tidsklemma, forholdet mellom korps og skulearbeid

Siste kritiske fase med omsyn til tenåringsfråfall frå korps, er møtet med vidaregåande skule. Mange av dei som no framleis er med i skulekorpset, syner også stor omsorg for skulearbeid og framtids/karriereplanar. Kanskje kan dette ha samanheng med at dei som har høgt ambisjonsnivå og/eller pliktkjensle knytt til musisering, også har dette for skulearbeid (eventuelt i tillegg til anna kvelds- og helgearbeid). Her fortel fleire av informantane i alle fall om opplevinga av mangel på forståing frå musikkorpset for deira hektiske livssituasjon. Mange har no fått viktige og ansvarsfulle verv knytt til rekruttering og oppfølging av rekruttar, samstundes som dei skal bidra til å halda det generelle musikalske nivået på eit nivå som kjenskomfortabelt for både dei sjølve og dirigent/leiing.

Dei beste musikarane har kanskje også andre musikalske prosjekt gåande parallelt med korpset. Dette blir ikkje alltid vurdert som like positivt av skulekorpset, som ein fortel:

Korpset hadde veldig negative haldningar til at eg var med der [ungdomsorkester]. Dei [musikkorpset] var gjerrige med musikarane sine, viss du skjønner kva eg meiner, dei ville ikkje at dei skulle ut å gjere andre ting, dei ville me skulle setje skulekorpset føre alt anna... i staden for å oppmuntre musikantane til å vere med på nye ting, og då kunne utvikle seg i forbindelse med dei nye utfordringane der.

Denne (negative) haldninga til andre aktivitetar er det fleir som nemner. Ein fortel m.a. at korpset var lite fleksibelt i forhold til å sjå at andre aktivitetar også er viktig for ungdom. Spelinga blei litt altoppslukande, og viljen til å samarbeide med andre aktivitetar ikkje alltid så stor. Dette blei betre etter at leiarane (foreldre/trenarar) for ulike aktivitetar (korps og fotball i dette tilfellet) tok det opp og byrja samarbeid om m.a. øvingstider. Dette tyder på at slike samarbeidsvanskar kan løysast gjennom dialog og tilrettelegging.

7.5 Skulekorpsa sin status

I intervjurunden er det overraskande få som trekkjer fram kva vener og andre utanfor korpsmiljøet meiner om korpsmusikk og -kultur som faktor for framhald eller

fråfall (noko som førekjem i spørjeundersøkinga). Dette kan tyde på at samhaldet innan korpset er godt og at dette fungerer som buffer mot eventuelle negative generelle haldningar. Det kan også tyde på at fordommane og stereotypiane rundt korps ikkje blir oppfatta som belastande i særleg grad. Slike fordommar, som t.d. kjem til syne i NRK-serien og kinofilmen Orps, vil ofte hefte ved kulturar og subkulturar som avviker frå den førestilte (ofte medieskapte) mainstream- eller populærkulturen. I Respons si undersøking om haldningar til musikkorps blant ungdom mellom 13 og 18 år frå 2009, svarar 32,2 % av ungdommane utan tilknytning til korps at dei ser på korps som kult. 34,3 svarar at dei ser på korps som *nerdete*. Då det kan vere vanskeleg å vurdere i kva grad nerdete er eit positivt eller negativt ladd omgrep, undersøkte Respons også i kva grad det blei oppfatta som flaut å spele i korps. Av dei ungdommane i utvalet som sjølv ikkje var med i korps, svarte 26,3 % positivt på dette. Av foreldre til barn og ungdommar mellom 6 og 18 år, utan tilknytning til korps, svarte 25,8 % positivt på same spørsmål. Det verkar med andre ord som om ein negativ haldning til korps og korpsdeltaking blir reproduisert og utveksla mellom generasjonane. Årsaka til dette resultatet er truleg svært kompleks, men det er nærliggande å tenkje seg at sosial status kan vere ei forklaring (Lehmann 2002).

Dei av informantane som derimot refererer til vener og kjende utanfor korpset si haldning til korps som ein faktor, fortel at dette gjorde seg gjeldande litt ut i ungdomstida, gjerne i samband med overgangen frå barne til ungdomsskule. Ein fortel t.d. at lysta til å fortsetje dalte i og med ungdomsskulestart. Då blei korps ”veldig teit”. Dette er dessutan ei oppleving informanten har høyrte ”veldig mange andre” også fortelje om. ”Mange tenker at korps er ’gamaldags’. Kvifor skulle ein drive med det?”, spør informanten retorisk. Samstundes førte ikkje dei negative haldningane til at denne korpsmedlemmen slutta. Tvert om, blei korpset eit springbrett ut i ei karriere som profesjonell musikal.

Ein annan av informantane kan fortelje om ei liknande historie: Vedkomande starta i korpset saman med bestevenner i 2. klasse og var med til og med 7. Det sosiale miljøet var bra og informanten treivst. Men så kom perioden då: ”ein blir litt lei og korps blir litt teit”. Informanten her slutta i korpset, og gjekk i staden over til drill-troppen.

Eit moment som me ville trudd skulle få merksemd blant informantane, er uniformsbruken i musikkorps, som verkar vere utstrakt. Det var ikkje tilfellet. Ingen

nemnde den i det heile... Grunnen til vårt fokus, er både resultatet frå surveyen, der uniformsbruken er nemnt som ein av mange årsaker til fråfall, div. blogginnlegg og debatt i media rundt dette spørsmålet, samt Respons sin liknande fokus på denne bruken i si undersøking frå 2009.

Uniformsbruk verkar ikkje vere ein avgjerande faktor i forhold til fråfall. Det ein imidlertid kan tenkje seg, er at uniformsbruken er eit uttrykk for noko av den kollektive tankegangen som fleire er negative til. Eller omvendt, at den er eit uttrykk for det som hindrar individuell utvikling og eksponering. Ein interessant parallell er folkemusikkmiljøet med sin, fram mot i dag, utstrakte bruk av uniformslignande bunadar. Den relativt store framveksten av nye, unge ensemble og band i kjølvatnet av Annbjørg Lien, Gåte og Valkyrien Allstars verkar vere heilt bunadsfri, ein skarp kontrast til kva som var vanleg for ensemble for 15-20 år sidan. Debatten rundt denne utviklinga har gått høglydt i seinare år, men for ein utanfrå kan det verke som om ein del energi har blitt frigjort nettopp gjennom ei frigjering frå det å skulle representere noko meir enn seg sjølv. Det er, slik me ser det, heilt uvisst om ein ville kunne få ei liknande frigjering innan korpsrørsla, men det kan vere grunn til å tru at ein debatt og refleksjon rundt dette ville vere av det gode.

8. konklusjonar og tilrådingar

Forsking frå idrettsfeltet, både i Noreg og internasjonalt, syner at måten organiserte fritidsaktivitetar for ungdom er tilrettelagt på får utslag for i kva grad fråfall er eit problem. Det er grunn til å tru at reflektert, strategisk tilrettelegging har ein positiv effekt på både sosial og aktivitetsmessig utvikling. Den same forskinga legg dessutan vekt på at fråfall er ein prosess med ei rad ulike fasar og årsaksfaktorar. Dermed vil eit fokus på dette i seg sjølv verke positivt, då det vil vere eigna til å fange opp fråfallet i kritiske fasar eller motverke ein eller fleire årsaker (som lar seg motverke). Slik er sjølve førespurnaden om forskingsbasert kunnskap om tenåringsfråfall eit viktig steg i rett retning, då det dels inneber medvit kring problematikken og dels ei strategisk posisjonering i forhold til å motverke dei uheldige sidene knytt til fråfallet.

Forskinga frå idrettsfeltet peikar vidare i retning av eit fokus på sider av fråfallet som er direkte relatert til interne mekanismar. Mykje tyder på at det å arbeide innanfrå med faktorar ein rår med, er ein god strategi. Einskilde aktivitetars relative popularitet kan vere vanskelege å endre – eksterne faktorar kan gjere at fotball eller skiskyting er uvanleg populært det eine året, medan hallingdans på nesten uforklarleg vis blir populært det neste. Kontinuerleg fokus på å leggje forholda til rette for eigne medlemmer og rekruttar gjennom dialog og samhandling, vil derimot vere uavhengig av slike eksterne faktorar. I denne samanhengen vil intern læring stå sentralt. Ei viktig oppgåve for NMF sentralt vil vere å formidle *Best Practice*-erfaring mellom lokale og regionale delar av organisasjonen. Sjølv om lokal tilpassing alltid vil vere ei utfordring, er det grunn til å tru at tiltak som fungerer i Bergen vil kunne fungere i Hol. Det ligg mykje kompetanse på lokalt nivå – ofte som unyttta resursar.

Gjennom ei spørjeundersøking blant tidlegare og noverande medlemmer av korpsrørsla, testa me ut sentrale problemstillingar med utgangspunkt i resultat frå relevant forskning på ungdomsfråfall i idrett. Undersøkinga gav ein del interessante re-

sultat. Diverre var deltakinga litt låg, slik at mange tal er for usikre til å leggja mykje vekt på. Det er likevel grunn til å kunne meine noko:

Både engasjerte foreldre og sysken og vener i korps er viktige for at born sjølv skal byrja i korps. Når ungdom vurderer å slutta, ser det ut til at press frå vener om å forsetja, er meir effektivt enn press frå korpsleiing og foreldre.

Dei fleste er nøgde med dirigenten sin, men ein del er også sær s misnøgde. Her er det geografiske skilnader.

Som kollektiv kan eit korps aldri tilby den fleksibiliteten som soloinstrument eller andre individuelle aktivitetar kan. Ein er nøydd til å finna sin plass. Det einaste potensielt uløyselege problemet er at ikkje alle kan spela det dei vil. Heldigvis er det berre ein einaste av 117 personar som har rapportert at dette har vore eit problem.

Uniform ser ikkje ut til å vera eit stort problem, men dette kan nok variera mykje frå korps til korps og med alder. Me har ikkje stilt spørsmål som går i motsett retning – om uniforma er ein attraksjon ved korpset. Det kan ikkje utelukkast at dette er noko i det minste dei yngste finn attraktivt.

Ei anna utfordring ved kollektive aktivitetar, og dette gjeld i særleg grad musikkorps, er at musikantane er på ulikt nivå, og har vanskar med å finna seg til rette saman. Det er sær mange som ikkje synst dei får store nok utfordringar. Det er også ein del som synst det var for mange "*slitsame småungar/aspirantar*".

I undersøkinga vår er det få som synst dei ikkje var flinke nok, men det er ikkje rart. Dei som ikkje er flinke nok, sluttar nok i hovudsak *før* dei kjem inn i aldersgruppa undersøkinga dekkjer. Dette tyder på at korpsa i større grad bør syta for individuell tilrettelegging, men dette er sjølv sagt eit spørsmål om ressursar.

Den kvalitative delen av undersøkinga bygger på intervju med ti informantar, både tidlegare og noverande medlemmer av musikkorps. Informantane stadfestar til ein viss grad kva som kjem fram i spørjeundersøkinga. Det er svært viktig kva andre vener i og utanfor korpset gjer, både i form av å halde på eit aktivt venskap og medlemskap i korpset, i form av musikalsk samkvem og utvikling og til slutt i form av sosial aksept. Særleg gjeld det siste punktet vener utanfor korpset; sjansen for fråfall aukar dersom fleire vener er negative til korps som aktivitet. Det kan vere vanskeleg å leggje til rette for ulike venskapskonstellasjonar i korpset, dels fordi dette må skje på individnivå (utvunge og dynamisk), dels fordi det er vanskeleg å

eine med korpset som kollektiv. Det er likevel mogleg å opne for ei forsiktig satsing på utvikling av eksisterande venegjengar innan korpset som kontekst, samt sjølv-sagt utvikling av venskap innan dei rammene korps som aktivitet gjev. Her peikar som nemnt mange på det å treffe likesinna på regionale og nasjonale (og sikkert også internasjonale) arenaer. Særleg gjeld dette i høve satsing på eldre ungdom i korpset.

Vidare fortel mange om tidsklemma mellom skulearbeid og korps. Dersom ein ikkje klarer å organisere øving og speling slik at det er mogleg å leggje vekt på skulearbeid, vil mange slutte. Grunnen til dette er truleg at dei som er med lenge i korps også er målmedvitne og plikttru i skulesamanheng. Det er også fleire som fortel om konkurranse mellom t.d. fotball og korps. Rådet frå informantane er eit medvite og aktivt samarbeid og kommunikasjon mellom ulike aktørar, slik at dei som vil prioritere fleire aktivitetar kan få mulegheiter til det. Vårt forslag til tiltak, er: Ha forståing for skulearbeid/andre fritidsaktivitetar/ekstrajobb og arbeid aktivt med dialogbasert tilrettelegging. Avklare øvingstider/seminar med andre aktørar (dessutan gjerne med foreldre og leiinga elles).

Det som likevel er det dei aller fleste nemner i samtale om fråfallsproblematikken i musikkorps, er forholdet mellom individuelle og kollektive innsatsfaktorar. Mange har eit svært ambivalent forhold til korpset som arena for musikalsk og sosialt samspel. Konkret kjem dette til uttrykk gjennom opplevinga av individuell musikalsk utvikling og rolla som lagspelar i skulekorpset. Rekrutteringssituasjonen der nye aspirantar kjem inn kvart år bidreg til at det musikalske nivået i mange korps aldri kjem opp på eit nivå som matchar seniorane sitt stadig aukande nivå. Dette blir oppfatta som svært negativt av dei fleste, og som ein direkte årsak til fråfall frå fleire. Dilemmaet for korpsa, som på si side er avhengig av stadig nyrekruttering, er om dei skal satse på repertoar og krav til framføringsnivå som er tilpassa musikalsk ambisiøse ungdommar eller rekruttar med uavklara framtidsplanar. Rådet frå våre informantar er klart, sats på kvalitet i repertoar og framføring, så vil aspirantane strekke seg, medan dei eldre få naudsynte utfordringar. Andre råd er m.a. å satse vidare på distrikts/regionkorps, eigne ungdoms/talentkorps, nasjonale (og internasjonale) samlingar samt eit auka fokus på individuelle behov innan korpsa. Særleg peikar mange på større bruk av solistar, eigne presentasjonar av talent (t.d. Ungdomens kulturmønstring) osb. På bakgrunn av dette, tilrår me å satse på solistar (skape arenaer for einarar), tore å satse på eit utvikla repertoar (ikkje vere redd for

at det er vanskeleg for rekruttar), satse på dirigentkompetanse/skolering, individuell opplæring, regionale/nasjonale samlingar og konkurransar og samarbeid mellom korps om ungdomssatsing/talentsatsing.

Til slutt fortel nokre av informantane om at korps ikkje alltid blir oppfatta som like kult som annan ungdomskultur. Sjølv om denne årsaksfaktoren til fråfall dukkar opp både i det empiriske materialet og som eit kontekstuelt bakteppe i form av ei samtidskulturell myte- og førestellingsverd, plasserer me den relativt langt ned i hierarkiet av signifikante årsaker til fråfall. Dels av di det er lett å tenkje seg at den tabloide utsegna ”korps er ikkje kult” nettopp er medieskapt og utan reell kulturpolitisk eller samfunnsmessig kraft, dels av di slike førestellingar er raskt skiftande i vårt seinmoderne samfunn. Det er soleis mykje viktigare å arbeide i eigne rekker med trivsel, samhald og sjølvkjensle enn å bruke krefter på å endre eksterne oppfatningar av verksemda. Slik vil tiltak i form av regionale/nasjonale samlingar og konkurransar, arbeid med å skape andre positive sosiale arenaer, dyrke venskap osv. vere det viktigaste ein kan gjere.

8.1 Ni konkrete innspel

Med bakgrunn i kvantitative og kvalitative data, samt presentasjonen og analysen av desse, presenterer Telemarksforsking her ni innspel til NMF, knytt direkte til fråfallsproblematikk. Desse er presentert uavhengig av eventuelle eksisterande tiltak, då me ikkje har full oversikt over alle slike. Me veit imidlertid at NMF arbeider med ei rad slike tiltak, prosjekt og verkemiddel, og at desse kan vere i same lei som våre innspel. Me er med andre ord svært audmjuke i høve vårt bidrag her. Når me likevel presenterer nokre forslag til konkrete tiltak, er det med bakgrunn i to forhold: 1) Dei byggjer på empiri og vår tolking av denne, og er dermed godt forankra i det me meiner er kjerneproblematikk på feltet og 2) Dersom NMF alt har tiltak i gang eller under planlegging som samsvarar med våre forslag, så vil denne rapporten kunne verke styrkjande på dette arbeidet. I motsett fall så vil tiltak kunne justerast eller ein kan ta ein ny runde og diskutere, i lys av våre resultat, kor ein vil med tiltaket. Dei er slik meint som innspel til debatt og refleksjon like mykje som grunnlag for tiltak eller handling. Dei ni er:

1. Styrk dirigentkompetansen, særleg med tanke på arbeid med barn/unge og med positiv input til ”uinspirete/leie” dirigentar.

2. Anerkjenn individuelle behov / likestill individuelle kvalitetar med dei kollektive.
3. Set fokus på talenta! La dei få opptre som solistar med korpset, møtast saman i ulike besetningar (gjerne som samarbeidsprosjekt mellom geografisk nærskylde korps) eller send dei på regional, nasjonal eller internasjonal vidare- og etteropp- læring/Masterclasses.
4. Styrk den individuelle instrumentopplæringa. Ikkje la resursmangel gå ut over denne gruppa!
5. Underbygg og styrk mindre sosiale grupper (venegjengar) innan korpset. Ikkje heile tida, men av og til. Stø slike grupper framfor å presse alle inn i ei form.
6. Finn og fokuser på gode førebilete, lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
7. Prioriter samlingar, konkurransar, regionkorps m.m., der unge kan samlast og dyrke, konsolidere felles interesser. Avliv myten om at korps ikkje er kult, eller berre er noko for spesielle folk!
8. Legg til rette for at dei unge kan prioritere skulearbeid. Samarbeid med andre fritidsaktivitetar for å gjere det fysisk mogleg for dei unge å vere aktivt tverrfaglege.
9. Vurder uniformsbruk/plikt. Særleg for tenåringsmedlemmer.

8.2 Vidare kunnskapsbehov

I løpet av forskingsprosjektet har me støtt på problemstillingar som gjer det interessant å sjå mot eit framhald i forskinga på feltet. Særleg er dette knytt til kvaliteten og omfanget på datamaterialet. Data med utgangspunkt i medlemsregisteret til NMF, omtalt i metodekapitlet, er usikre. Dette gjer tolkings- og analysearbeidet vanskeleg. Her ligg eit stort potensial i betre data, i fyrste rekkje dersom det er mogleg å henta fram riktigare medlemstal frå gamle tryggingskopiar av registeret. Likeins er svarprosenten på spørjeundersøkinga, og dermed talet på respondentar, for lågt til å kunne gi generelle svar på svært interessante spørsmål. Det er framleis mange noverande og tidlegare medlemmer i NMF som ikkje har blitt spurt om å vere med i undersøkinga. Å nå ut til desse ville kunne gi svar på om me er på rett spor med dei hypotesane og analysane me presenterer i denne rapporten.

For dei kvalitative datamengdene sin del, vil ein med fordel kunne inkludere fleire ungdomsinformantar, både slike som har slutta i korps og dei som har blitt veran-

de. I tillegg ville det vere uhyre interessant å undersøke kva foreldre, tillitsvalde i korpsa og ikkje minst dirigentane tenkjer om fråfallsproblematikken.

Referansar

- Butcher, J., Lindner, K. J. and Johns, D. P. (2002): *Withdrawal from Competitive Youth Sport: A Retrospective Ten-Year Study*. Journal of Sport Behavior, June 2002
- Dahl, T. (2007) *Korpsmusikk på Byneset 1889-2007: en historisk oversikt over korpsenes utvikling på Byneset fra 1889-2007*. Hovudfagsoppgåve, NTNU
